



**Høgskulen
på Vestlandet**

PROSJEKT LÆRARUTDANNING
DELPROSJEKT LEKTORUTDANNING 8-13

RAPPORT
01.02.2017

Innhald

Samandrag.....	4
Tilråding.....	6
Mandat og organisering	7
Prosjekt lærarutdanning og delprosjekt lærarutdanning 8-13	7
Kva er ei lektorutdanning?	7
Mål, mandat og organisering	8
Formelle krav til ei lektorutdanning.....	10
Generelt om lektorutdanninga 8-13	10
Nøkkelkrav etter gjeldande forskrift	10
Opptakskrav til lektorutdanning for trinn 8-13.....	10
Integrerte studieløp.....	10
Fag I og fag II.....	11
Profesjonsfag.....	11
Praksisopplæringa	12
Krav til praksislæraren og sertifiserte praksisskular.....	12
Opptakskravet til grunnskulelærar og 5-årig lektorutdanning.....	12
Konsekvensar av krav for HVL	13
Behov for lektorutdanningar	14
Kva vi veit om behovet	14
Faglærarar og andre lærarar	15
Behov for lærarar med PPU-A og PPU-Y	15
Behova sett frå regionale skuleeigarar.....	17
Behova sett frå KS si side.....	18
Behova sett frå Utdanningsforbundet si side.....	18
Folketalsutviklinga i Noreg og på Vestlandet	19
Nokre problemstillingar for HVL knytt til behov og uvisse.....	20
Dagens tilbod av lektorutdanningar – institusjonar og fagtilbod.....	22
Dagens tilbod etter institusjonar og fagtilbod 2016	22
Dagens studentproduksjon	24
Nokre strategiar som kan utleiast av dagens tilbod.....	25
Uvisse knytt til PPU og faglærarutdanningane.....	26
Generelt om faglærarutdanning og yrkesfaglærarutdanning	26
PPU-Y som det er?	26
Framtida for praktisk-estetiske fag?.....	27

PPU-A i konkurranse med lektorutdanningar?	27
Samanhengen mellom PPU-A og andre utdanningar ved HVL	28
Nokre førebels konklusjonar	29
Mogelege utviklingsretningar for HVL.....	30
Vilje og ynskje mellom dagens leiarar om å skape ein komplett institusjon	30
Særpreg som må utviklast – det heilskaplege løpet	30
Forsking, masteroppgåver og rettleiing	31
Ytterlegare profilering?	33
Økonomiske ressursar	34
Overlapping med andre lærarmasterutdanningar	34
Akkreditering og tidsplan for oppretting av nye lektorutdanningar	36
Oppsummering og konklusjon	37
Konkrete framlegg om lektorutdanningar ved HVL	39
Konkrete innspel.....	39
Kva kan vi tilby ved HVL?	40
Konklusjonar og tilråding.....	41
Eit lektorprogram i språk/samfunnsfag.....	41
Eit lektorprogram i idrett/kroppsøving kombinert med eitt av undervisningsfaga i prio 1.....	42
Eit lektorprogram i musikk, kombinert med eitt av undervisningsfaga i prio 1.....	42
Eit lektorprogram i naturvitskaplege fag/naturfag/matematikk	42
Vedlegg.....	44

Samandrag

I denne rapporten vurderer vi etablering av lektorutdanning 8-13. I forskrifter og retningslinjer er det lagt inn sterke føringar som peikar på utøving av læraryrket og lærarprofesjonen som det sentrale ved denne typen utdanning.

Sidan Høgskulen på Vestlandet blir ein av landets største lærarutdanningsinstitusjonar burde dette gje oss eit klart og tydeleg fortrinn, og det er ein uttalt vilje mellom dagens leiarar om å gjere HVL til ein komplett lærarutdanningsinstitusjon, noko som inneber å byggje opp integrerte lektorutdanningar. Den tette koplinga til lærarutdanningstradisjonen kan utviklast vidare, både gjennom nye utdanningar, didaktiske innfallsvinklar, systematisk forskning og kopling mellom desse innfallsvinklane.

Nokre strategiar kan leggjast til grunn for utvikling av lektorutdanningar ved HVL: Profesjonsfaget som skal inngå, bør vere tett knytt til tilsvarande undervisningstilbod for grunnskulelærarutdanninga. Omfanget av praksis er stort, og vil krevje ein stabil og velfungerande infrastruktur. Dette talar også for ei tett tilknytning til dei eksisterande lærarutdanningane. Det bør leggjast vekt på gode utviklingsavtaler med eit utval kommunar, private skular og dei tre fylkeskommunane på Vestlandet.

Fagdidaktikk, forskning og fagutvikling må få ein sentral plass i utvikling av studieprogramma. Det blir viktig for HVL å byggje renommé og sterk marknadsposisjon gjennom overtydande og gjennomtenkte undervisningsopplegg. Dette talar for ei varsam og systematisk oppbygging. Dette blir styrka av at SSB seier det ikkje blir noko stort behov for lektorar i åra som kjem. Snarare tvert om. Tala syner at det vil bli eit overskot av slike lærarar, gitt utdanningskapasiteten i dag. Slik sett bør ei satsing på lektorutdanningar sjåast som eit kvalitetstiltak.

Det er vanskeleg å danne seg eit regionalt bilete av etterspørselen på Vestlandet i åra som kjem. Signala frå fylkeskommunane tyder på eit jamt behov for personar som kan undervise i norsk og språk generelt. Kanskje også samfunnsfag. Det er mogeleg HVL i sterkare grad sjølv bør setje dagsorden ved å samle inn, aggregere og analysere data frå skulenivået, samstundes som vi samarbeider med skuleeigarane om å trekkje slutningar om utdanning – og etter- og vidareutdanning – i fellesskap. Dette gjeld fleire utdanningar enn lektor.

Med utgangspunkt i eksisterande lektorutdanningar på Vestlandet er det mogeleg å utleie nokre moglege strategiar:

For det første kan vi ta utgangspunkt i eigne fagområde, der vi sjølv har høg, fagleg kompetanse og satse bevisst der, sjølv om vi då direkte konkurrerer med Universiteta i Bergen og Stavanger. Dette betyr å satse på matematikk/naturfag, språkfag (norsk, engelsk) og samfunnsfag.

For det andre kan vi ta utgangspunkt i tilbod som har mange kvalifiserte søkjarar per plass, og anta at det er ei underdekning mellom interesserte. Her peikar humanistiske

fag/samfunnsfag og kroppsøving og idrettsfag seg ut med mange søkjarar per studieplass. Innan kroppsøving og idrettsfag er det få planlagde studieplassar så langt. Her er det eit rom.

For det tredje kan vi utvikle kombinasjonar der vi har kompetanse, men ingen andre tilbyr den konkrete samansetjinga av fag. Døme kan vere musikk og teknologi/naturvitskap, eller samfunnsfag og matematikk, eller idrettsfag/andre kombinasjonar

For det fjerde kan vi tilby meir eller mindre frie kombinasjonar, der studentane sjølve set saman fag I og II. Truleg bør HVL sjå alle fire handlingsstrategiane i samanheng, og sjå dei i samanheng med signala om behova frå dei store arbeidsgjevarane. Dette gjev ein praktisk og pragmatisk inngang til ei avgjerd om kva lektorutdanningar vi bør satse på.

Det har vore utfordrande å omtale grensesnittet til eksisterande PPU-utdanningar, men vi skisserer nokre forsiktige konklusjonar:

PPU-Y bør truleg bevarast som eit viktig tilbod for å skaffe relevant arbeidskraft til dei vidaregåande skulane.

Grenseflata mellom PPU-A og lektorutdanningar handlar meir om kva profil PPU-A skal ha. Dersom ein byggjer opp større tilbod av lektorutdanningar til dømes retta mot språkfag, kan dette ha naturlege konsekvensar for innhald og skalering. Det kan komme krav om masterutdanning i praktisk-estetiske fag. Dette er uklart i dag, men kan påverke HVL sine prioriteringar i framtida, og framtida til PPU-A. Ei gradvis oppbygging av lektorutdanningar vil gje tid og rom for å vurdere PPU-A etter kvart som det vert avklåra kva fag ein startar med. Det vil sannsynlegvis framleis vere eit tilfang av kandidatar med master som ynskjer PPU.

Både rett, formell kompetanse og relevante, framtidsretta forskingsprogram vil vere sentrale stikkord i oppbygginga av dei fagmiljøa som skal ha ansvaret for lektorutdanningar.

Gjennomgangen over moglege fagområde i denne rapporten er ikkje uttømmende, men slik vi har informasjon i dag, har den samla institusjonen kompetanse i samfunnsfag i brei tyding (inklusiv geografi og historie). Det skal vere mogleg å kunne byggje opp tilbod med ulike kombinasjonar av historie, norsk, engelsk, musikk, idrett- og kroppsøving, matematikk og naturvitskaplege fag, drama, kunst og handverk.

Det faglege nivået er ulikt fordelt på dei tre campus som gjev lærarutdanning, og full breidde i alle fagområde kan ikkje tilbydast alle stader, dersom ein ikkje tenkjer campusoverskridande utviklings- og undervisningsarbeid.

Fag frå andre avdelingar enn lærarutdanningane kan inngå, men dei har då ikkje i utgangspunktet den tilknytninga til lærarutdanningstradisjonen som er blitt framheva andre stader i denne rapporten.

Lektorutdanningar kan overlape andre utdanningar på fleire måtar. Når det gjeld målgrupper er det særleg viktig å vere merksam på rekrutteringa til GLU-master 5-10. Fagleg skal det undervisast i tema som overlappar, og dette kan gje grunnlag for interessant samspel mellom fleire mastertilbod.

Organisering av undervisning kan skje på ein campus, gjennom fleircampusorganisering som inneber at studentane kan setje saman fag som går ved fleire campus og gjennom

campusovergripande undervisning. Kvar studieplankomiteé som vert oppretta, må svare på korleis ein tenkjer seg organiseringa.

Denne gruppa ser det som naturleg at HVL er ein sjølvakkrediterande institusjon i kraft av Ph.d.-studiet: «Studier av danning og didaktiske praksiser», og skisserer innanfor denne ramma ein tidsplan som kan føre fram til oppstart av lektorutdanningar i 2019.

Tilråding

Delprosjektgruppa vil tilrå at Høgskulen på Vestlandet:

1. Etablerer eit avgrensa tal lektorutdanningar 8-13. Ein bør likevel satse varsamt, og utvikle tilbodet etter kvart som ein vinn nye erfaringar innanfor den nye institusjonens rammer, men tett knytt til den lærarutdanningstradisjonen alle tre, tidlegare institusjonar deler.
2. Prioriterer utvikling av studieplanar for lektorutdanningar slik, i prioritert rekkefølge:
 - a) eit lektorprogram i **språk/samfunnsfag** som kan utviklast av, og tilbydast i ulike grader ved alle tre campus.
 - b) Eit lektorprogram **idrett/kroppøving** kombinert med eitt av faga frå lektorprogrammet i språk/samfunnsfag. Først og fremst utviklast dette i Bergen og Sogndal. Eit lektorprogram i **musikk**, kombinert med eitt av faga over. Først og fremst utviklast dette i Bergen og Stord
 - c) Eit lektorprogram i **naturfag/naturvitskapelege fag/matematikk** som kan omfatte lærarutdanningane ved alle tre campus.
3. Opprettheld eksisterande PPU-A-utdanningar, men regulerer profil ettersom erfaringar blir vunne med søkinga til lektorutdanningar.
4. Legg stor vekt på den verdien PPU-Y synest å ha for tilgangen av lærarar til vidaregåande skular, og heller arbeider tett saman med skuleeigarane for å vidareutvikle vegar for rekruttering av lærarar til yrkesnære utdanningar.
5. Etablerer eit prosjekt med formål å utvikle samspelsmodellar mellom oss og skuleeigarane på Vestlandet. Dette handlar om å utvikle praksisavtaler for lektorutdanningar, men også om samspelet i brei tyding.

1. februar 2017

Førde, Sogndal, Bergen, Stord

Sissel Rosland, Njål Vindenes, Øyvind Glosvik, Bjart Grutle (HVL) Andreas Sæbø
(studentrepresentant) Miroslaw Wiacek (Forskarforbundet)

Helge Hustveit (sekretær)

Mandat og organisering

Prosjekt lærarutdanning og delprosjekt lærarutdanning 8-13

Høgskulen på Vestlandet vert ein av landets største lærarutdanningsinstitusjonar.

Lærarutdanninga skal starte opp femårige integrerte masterutdanningar allereie frå hausten 2017. I samband med opprettinga av HVL vart det sett ned tre delprosjekt som skulle utgreie oppstarting av utdanningstilboda:

- Delprosjekt akkreditering av GLU, leia av Nina Grieg Viig, prodekan for utdanning ved Avdeling for lærarutdanning, HiB
- Delprosjekt arbeidsplassert masterutdanning, leia av Anne Kristin Rønsen, førsteamanuensis ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, HSH
- Delprosjekt lærarutdanning 8-13, leia av Øyvind Glosvik, dosent ved Avdeling for lærarutdanning og idrett, HiSF

Denne rapporten handlar om delprosjekt lærarutdanning 8–13, og her er muligheiter og behov for lektorutdanning 8-13 ved den nye institusjonen drøfta.

Kva er ei lektorutdanning?

Ei lektorutdanning er ei femårig lærarutdanning som gir mastergrad og undervisningskompetanse i to fag¹ med tanke på utdanning av lærarar til vidaregåande- og ungdomsskule.

Opptakskrava er

- Gjennomsnittskarakter 3 eller betre i norsk (393 timar),
- gjennomsnittskarakter 4 eller betre i matematikk (224 timar) og
- minst 35 skulepoeng.

Forskrifta om rammeplan for lektorutdanningar inneheld også andre krav. I denne rapporten vert desse gjort greie for. Rammeplanen for lektorutdanningane er frå 2013, og vil, når dei vert etablert som tydelege vegar, stå fram som ein av dei seks måtane ein kan bli lærar i Noreg:

1. Barnehagelærarutdanninga er i dag ei bachelorutdanning som kvalifiserer for fast tilsetjing som pedagogisk leiar i barnehagar
2. Grunnskulelærarutdanninga var til og med opptaket i 2016 ei fireårig utdanning som gjev jobb både i barne- og ungdomskulen. Frå 2017 er dei femårige masterutdanningar for ulike trinn (1.-7. trinn; 5.-10. trinn)
3. Faglærarar har utdanning innanfor eitt eller ei gruppe enkeltfag. Faglærarar har normalt sett ei utdanning på tre år. Dei er kvalifiserte til å jobbe både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring, men er ikkje kvalifiserte til å undervise for 1.-4. trinn i grunnskulen.



¹ Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8–13 FOR-2013-03-18-288
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-03-18-288>

4. Praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfag (PPU-A) er ei eittårig utdanning innanfor pedagogikk som blir tatt i tillegg etter å ha fullført (minst) ein bachelorgrad innan allmenne fag. PPU-A kvalifiserer til å arbeide frå og med 5.trinn i grunnskulen.
5. Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) er også ei eittårig tilleggsutdanning innanfor pedagogikk. Den blir tatt etter å ha fullført ein profesjonsretta (minst) bachelorgrad eller ei fagopplæring frå vidaregåande pluss relevant yrkespraksis. PPU-Y kvalifiserer til å arbeide frå og med 5.trinn i grunnskulen.
6. Så kjem altså lektorutdanninga etter rammeplan 2013. Formelt eksisterer det eigentleg ikkje slike lærarar, sidan dei første kandidatane ikkje blir uteksaminerte før i 2018. Nokre universitet oppretta lektorprogram tidlegare enn 2013. Mellom anna UiB i 2009, men som no er tilpassa den nye rammeplanen. Når det andre stader i rapporten blir synt til gjennomstrøyming, er det desse programma det handlar om.

Mål, mandat og organisering

Delprosjektet har fått i oppdrag å levere ein rapport til leiinga ved den nye høgskulen innan 1.2.2017. Dersom ny avdelingsstruktur og leiing ikkje er på plass, blir rapporten levert til dekanane for lærarutdanningane. Funksjonsperioden er 15.08.16-01.02.17.

Bakgrunn for oppdraget er at den nye institusjonen har høge ambisjonar for lærarutdanningane. På Vestlandet blir lektorutdanning 8-13 levert av både Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Høgskulen på Vestlandet blir ein av landets største lærarutdanningsinstitusjonar og innanfor denne ramma skal difor etablering av lektorutdanning 8-13 vurderast.

Ei delprosjektgruppe vart oppnemnd i september 2016. Den bestod opphavelig av Sissel Rosland og Njål Vindenes, HiB, Øyvind Glosvik, HiSF, Bjart Grutle, HSH. Glosvik leia delprosjektet. I midten av oktober vart prosjektgruppa utvida med ein studentrepresentant, Andreas Sæbø, og tillitsvaldrepresentant Miroslaw Wiacek frå Forskarforbundet (FF).

Delprosjektgruppa har fått i oppdrag å omtale

- Behovet for lektorutdanning 8-13
- Kva fag som eventuelt bør inngå i utdanninga ved den nye institusjonen
- Grensesnittet mot eksisterande PPU-utdanningar
- Om institusjonen er sjølvakkrediterande eller må søke NOKUT om akkreditering
- Om det er fagområde eller anna som spesielt må styrkast før institusjonen eventuelt kan tilby lektorutdanning 8-13

Sekretariatsfunksjonen vart fram til 26/10 ivareteke av det sentrale sekretariatet ved Lene S. Pilskog. Helge Hustveit frå HiSF overtok sekretariatsfunksjonen frå 6/11.

Det har vore gjennomført møte med dekanane ved dei tre lærarutdanningsavdelingane:

- 05.12.2016: Høgskulen i Bergen (Glosvik, Vindenes, Rosland, Hustveit). Her møtte også representantar for fagseksjonane
- 06.12.2016: Høgskulen Stord/Haugesund (Glosvik, Grutle, Hustveit)
- 07.12.2016: Høgskulen i SF (Glosvik, Hustveit): Her møtte også rektor og instituttleiar

Føremålet med dei tre møta var å få registert ambisjonar og ynskemål, i tillegg til fagleg og økonomisk ressursituasjon og ressursbehov. Bygd på desse innspela har prosjektgruppa prøvd å gje eit realistisk bilete av våre interne muligheiter for å opprette slike utdanningar.

Det er dermed ikkje gjennomført noko uttømmende informasjonsinnsamling når det gjeld kompetanse i organisasjonen, heller ikkje når det gjeld interesse i seksjonar, institutt og mellom grupper av fagpersonar. Dette ligg så eintydig i styringslina sitt ansvarsområde at gruppa meiner dette må komme fram gjennom interne høyringar og den kvalitetssikringa som må finne stad i prosessen fram mot oppnemning av studieplankomitear.

Når det gjeld tilbod og etterspørsel etter lektorar, har sekretariatet samla opplysingar frå SSB, Samordna opptak og dei tre fylkeskommunane på Vestlandet.

I januar 2017 vart det arrangert eit fellesmøte i Bergen, mellom dei tre prosjekta knytt til oppbygging av lærarutdanningar. Arbeidsmålet fram til dette møtet var å leggje fram ei skisse som inneheldt hovudelementa i og grunnlaget for punkt 1-5 i tilrådinga til den nye leiinga ved Høgskulen på Vestlandet (sjå innleiinga).

Formelle krav til ei lektorutdanning

Generelt om lektorutdanninga 8-13

Generelt heiter det at lærarutdanningar i Noreg skal vere profesjonsretta og integrerte, praksisnære og relevante, forskingsbaserte og utviklingsorienterte, krevjande og ha høg kvalitet.² Dette blir omtala som «kjenneteikn på utdanninga», og utdanningsinstitusjonane skal leggje desse kjenneteikna og tilhøyrande indikatorar til grunn for utarbeiding, gjennomføring og etterprøving av kvaliteten i dei studieprogramma som vert etablert som lektorutdanning.

I dette kapitlet gjer vi kort greie for dei formelle særtrekka ved lektorutdanningar. Det vert stilt fleire krav enn dette, men konkretisering må finne stad i samband med utvikling av studieplan (programplan) for kvart einskilt studium.

Dei formelle krava til lektorutdanningar kan avgrense kva slags- og kor mange lektorutdanningar HVL kan eller bør etablere. Krava kan også avgrense talet på søkjarar.

Nøkkelkrav etter gjeldande forskrift

Krava er formulerte i Forskrift om rammeplan for lektorutdanning for trinn 8-13 og i Nasjonale retningslinjer for lektorutdanning.³ Vi skal i det vidare referere dei viktaste av desse krava og nokre av dei konsekvensane dei har.

Opptakskrav til lektorutdanning for trinn 8-13

Søkarar må i tillegg til generell studiekompetanse kunne dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk og 4,0 i matematikk⁴.

Integrerte studieløp

Utdanningane skal organiserast på ein måte som sikrar progresjon og samanheng mellom dei faglege elementa som inngår. Integrasjon mellom fag, pedagogikk, praksis og fagdidaktikk føreset at fagpersonar utviklar tett samarbeid som bidrar til å oppfylle målsettingane for dei programma det blir vedtatt å gjennomføre. Samarbeid, integrasjon og

² Dette kapitlet byggjer først og fremst på dei nasjonale retningslinjene for lektorutdanninga 8-13, og på forskrifta for denne utdanninga. http://www.uhr.no/documents/Nasjonale_retningslinjer_LU_8_13.pdf
www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/rammeplanen/lektorutdanning.pdf

³ <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/rammeplanen/lektorutdanning.pdf>

⁴ <http://www.samordnaopptak.no/info/opptak/spesielle-opptakskrav/opptakskravet-til-laererutdanninger-2016/>

progresjon må dokumenterast. Lektorstudentane skal sikrast jamleg erfaringsutveksling gjennom heile studieløpet. Dette handlar om å byggje profesjonstilhøyrse.

Fag I og fag II

Faga som kan inngå i ei lektorutdanning, skal gje undervisningskompetanse i to skulefag på trinn 8-13. Begge faga skal vere skulerelevante. Lærarutdanningsinstitusjonane avgjer sjølv kva fag som skal godkjennast som skulerelevante på trinn 8-13.

Fag I skal ha eit omfang på minst 160 studiepoeng og fag II skal ha eit omfang på minst 60 studiepoeng. Fag II er å rekne som lågare grads studium. Fag I skal ha element frå både lågare og høgare grads studium.

Fag I skal ha desse innhaldselementa: :

- Examen philosophicum (ex. Phil.) eller tilsvarende emne
- Fordjupingsoppgåve i løpet av tredje studieår, med karakter bestått / ikkje bestått. Bestått skal tilsvare ein jamt god prestasjon. Oppgåva må vere bestått for at studenten skal kunne starte på fjerde år.
- Masteroppgåva skal ha eit omfang på minimum 30 studiepoeng på høgare grads nivå. Den skal vere forankra i tema og problemstillingar frå forskings- og utviklingsarbeid, relevante for profesjonsutøving.

Læringsutbytteskildringar for fag I skal formulerast med utgangspunkt i det nasjonale kvalifikasjonsrammeverkets (NKR) nivå 7 (syklus 2) . For fag II skal dei formulerast med utgangspunkt i NKR nivå 6 (syklus 1)

Profesjonsfag

I lektorutdanninga skal profesjonsfaget bestå av minst 30 studiepoeng fagdidaktikk og 30 studiepoeng pedagogikk. Dersom fagdidaktikk skal vere integrert i faget og ikkje i profesjonsfaget, må tal studiepoeng for fag I og fag II aukast tilsvarende studiepoeng for didaktikk i profesjonsfaget. Examen pedagogicum, eller tilsvarende emne som gjev innføring i grunnleggjande pedagogiske og/eller fagdidaktiske problemstillingar, skal vere ein del av profesjonsfaget.

Det vert lagt vekt på studentaktive læringsformer der eigenrefleksjon, diskusjon og evne til kritisk grunngjeving av val av innhald og metodar i opplæring. Profesjonsfaget skal også gje kunnskap og inspirasjon til å vidareutvikle skulen som ein institusjon for læring og danning i eit demokratisk og fleirkulturelt samfunn.

Profesjonsfaget er bygd opp omkring tre område: Profesjonskunnskap, profesjonsutøving og profesjonsutvikling. Danning og skuleutvikling er i tillegg viktige stikkord i profesjonsfaget.

Kandidaten skal ha fagdidaktikk i begge undervisningsfag.

Praksisopplæringa

Studentane skal utvikle sin profesjonskunnskap gjennom 100 dagar praksis knytt til profesjonsfaget, fag I og fag II. Studentane skal ha i praksis i fire av dei fem studieåra, og praksis skal vere tilpassa det nivået studentane er på i studiet. Utdanningsinstitusjonane kan gje tilbod om praksis av større omfang, men 100 dagar samla er minimum (dagane kan delast).

Praksisopplæringa består av dei aktivitetane som går inn i ein lærar sin arbeidsplanfesta dag. Praksis skal vere relevant for og knytt til faga og skal sjåast som ein læringsarena på linje med undervising. Praksis skal bestå av både observasjonspraksis og individuell praksis i faga. Krav til studentane sine kvalifikasjonar skal ha tydeleg progresjon frå den eine praksisperioden til den neste. Praksisopplæringa skal vere rettleia, vurdert og variert.

All praksis må vere avslutta og bestått før avsluttande eksamen på masteroppgåva. Studentane skal i løpet av dei to siste åra ha ein samanhengande praksisperiode med særleg fokus på sjølvstendig opplæringsansvar.

Krav til praksislæraren og sertifiserte praksisskular

Praksisopplæringa skal gå føre seg ved sertifiserte praksisskular. For å bli sertifisert må skulen kvalifisere seg på følgjande tre område:

- 1) Personalet sin kompetanse. Praksislæraren skal ha gjennomgått vidareutdanning i praksisrettleiing på minimum 15 studiepoeng eller forplikte seg til å starte opplæring i praksisrettleiing. Lærarutdanningsinstitusjonane må ha eit samla tilbod på minst 30 studiepoeng i praksisrettleiing. Praksisrettleiaren må ha fagfordjuping tilsvarende mastergrad, og i tillegg 15 studiepoeng samfunnsvitskapeleg metode/vitskapsteori der dette ikkje er ein del av fagbakgrunnen.
- 2) Arenaer for forskings- og utviklingsarbeid, som inneber å involvere seg i og vere arenaer for forskings- og utviklingsarbeid
- 3) Samfunnsorienterte institusjonar som inneber å vere ein samfunnsaktiv institusjon som byggjer relasjonar til omverda og som blir forventa å vere ein ressurs for andre skular i regionen.

Praksisopplæringa skal organiserast gjennom formelle avtalar mellom lærarutdanningsinstitusjon, skuleeigar og rektor ved den enkelte praksisskulen.

Praksisskulen skal vere ein læringsarena for organiserte praksisperiodar, men også for utprøving av innovative undervisningsopplegg utanom praksisperiodane. Den skal vere ein arena for studentane sitt arbeid i samband med FoU-arbeid og mastergradsarbeid.

Opptakskravet til grunnskulelærar og 5-årig lektorutdanning

Opptakskravet i 2016 var minst 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i norsk (393 timer) og 4 i matematikk (224 timer). Karakterkravet i matematikk blei dekkja av dei som hadde bestått eitt av følgjande programfag: S1, S2, R1 eller R2. Dei som hadde

gjennomsnittskaraktar 3 i matematikk (224 timar) og dekkja dei andre krava, kunne delta på forkurs i matematikk for å dekke kravet om minst karakteren 4 i matematikk⁵.

Konsekvensar av krav for HVL

Ei lektorutdanning er definert som ei lærarutdanning, og det er lagt inn sterke føringar i forskrifter og retningslinjer som peikar på utøving av læraryrket og lærarprofesjonen som det sentrale ved denne typen utdanning.

Dette burde gje Høgskulen på Vestlandet eit klart og tydeleg fortrinn. Gjennom tre eksisterande lærarutdanningsinstitusjonar er det bygd opp kapasitet og kompetanse. Dette er styrken vår, og den må utnyttast og utviklast vidare innanfor nye utdanningsprogram.

Forskriftene gjer det naturleg å peike på fem utviklingsstrategiar som bør leggjast til grunn for utvikling av lektorutdanningar ved HVL:

For å oppfylle kravet om integrerte og profesjonsretta utdanningar bør ikkje profesjonsfaget utviklast som eit særeige tilbod for lektorutdanningar, men vere tett knytt til tilsvarande undervisningstilbod for grunnskulelærarutdanninga.

Studentane skal ha minst 100 dagar praksis spreidd over nesten heile studiet. Dette kjem i tillegg til krava om praksis som er lagt inn i den nye grunnskulelærarutdanninga, men her er det frå før opparbeidd kontaktar til praksisskular. Omfanget av praksis i vidaregåande skular vil krevje ytterlegare oppbygging av ein stabil og velfungerande infrastruktur. Dette talar også for ei oppbygging i tett tilknytning til dei eksisterande lærarutdanningane.

For å gjere studietilboda praksisnære og relevante bør det leggjast vekt på gode utviklingsavtaler med eit utval kommunar, private skular og dei tre fylkeskommunane på Vestlandet. Avtalane må sikre gode vilkår for studentane sin praksis, samstundes som skulane og skuleeigarane sine utviklingsbehov kjem i sentrum for fagleg utvikling.

Fagdidaktikk, forskning og fagutvikling bør få ein sentral plass i utvikling av studieprogramma. Tema for masteroppgåver og faglege og metodiske innfallsvinklar i didaktikk og metode bør gjenspegle forskingsstrategiar og utviklingsmål slik dei vert formulerte i samarbeid med skular og skuleeigarar.

Lektorutdanningar skal vere krevjande og ha høg kvalitet, og dei skal vere integrerte og profesjonsretta. For å oppfylle slike krav bør det leggjast stor vekt på kvalitet heller enn kvantitet i dei første åra. Det blir viktig for HVL å byggje renommé og sterk marknadsposisjon gjennom overtydande og gjennomtenkte undervisningsopplegg.



⁵ <http://www.samordnaopptak.no/info/opptak/spesielle-opptakskrav/opptakskravet-til-laererutdanninger-2016/>

Behov for lektorutdanningar

Kva vi veit om behovet

Statistisk sentralbyrå har utvikla modellen LÆRERMOD som sidan 2012 er blitt brukt for å framskrive tilbod og etterspørsel etter dei fem ulike typane lærarar vi har i Noreg; Barnehagelærarar, grunnskulelærarar, faglærarar og andre lærarar, og lærarar med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) innanfor allmennfag (PPU-A) og yrkesfag (PPU-Y). I denne opplistinga er ikkje lektorutdanningar med som eiga gruppe, då dei første ikkje vert uteksaminerte etter rammeplanen frå 2013, før i 2018. Det er då dei tre siste gruppene som er interessante i ein diskusjon om behov for lektorutdanningar.

Siste rapportering frå SSBs LÆRERMOD er frå september 2015, og vi byggjer i det vidare på Gunnes og Knudsen, 2015⁶.

Hovudbiletet som SSB presenterer i ei framskriving til 2040 er:

- Eit underskot av grunnskulelærarar. Dersom det blir lagt auka lærartettleik til grunn, aukar underskotet noko
- Færre fødde framover kan føre til eit mindre overskot av grunnskulelærarar mot slutten av framskrivingsperioden (2040)
- Eit overskot av barnehagelærarar og andre typar lærarar

Tabell 1 er henta frå Gunnes og Knudsen, 2015 s.5. Den syner at det ikkje er venta noko underskot av lektorar som utan vidare forsvarar oppretting av eit stort tal nye studieplassar:

Tabell 1 Framskriven etterspørsel i ulike alternativ. Gap mellom tilbod og etterspørsel i referansebanen og for nokre alternative baner i to einskilde år. Merk at gap betyr overdekning med positivt forteikn og underdekning ved negativt forteikn. Måleininga er årsverk.

	Barnehage- lærere	Grunnskole- lærere	Faglærere og andre lærere	PPU-A	PPU-Y
Referansebane					
2020	6 408	-3 430	2 152	1 807	2 322
2040	18 276	-3 834	7 297	5 517	5 518
Alternative baner					
Lav fruktbarhetsbane					
2020	8 160	-3 313	2 213	1 889	2 361
2040	22 247	1 317	8 228	7 716	6 386
Økt grunnskulelærertetthet					
2020		-4 130			
2040		-4 534			
Økt barnehagelærertetthet					
2020	2 006				
2040	13 874				




⁶ Trude Gunnes og Pål Knudsen (2015): Tilbud og etterspørsel for ulike typer lærere mot 2040: Framskrivinger basert på LÆRERMOD. SSB rapport 2015/41 <https://ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/attachment/241584?ts=1502770cf60>

Dersom denne framskrivinga vert lagt til grunn, må lektorutdanningar konkurrere med både faglærarar og PPU-A og PPU-Y om å levere kandidatar til eit skuleverk der det blir overdekning.

Vi skal kort referere det rapporten seier om dei tre kategoriane lærarar som kandidatar frå lektorutdanningane vil konkurrere med. Vi refererer berre til det SSB kallar «referansebana» som byggjer på mellomalternativet frå SSBs befolkningsframskrivingar, med middels fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og innvandring (op cit s. 5).

Faglærarar og andre lærarar



Figur 1 Tilbod og etterspurnad etter faglærarar og andre lærarar (målt i årsverk), referansebana

Om denne figuren seier Gunnes og Knudsen, 2015 s. 36 at:


«..i hele framskrivingsperioden er (det) et overskudd av faglærere og andre lærere, bortsett fra underdekningen i startåret. () Også ved forrige framskriving var det et overskudd blant denne gruppen lærere. Det beregnede overskuddet i denne framskrivingen er derimot noe høyere: overskuddet er nå på litt over 2 000 årsverk i 2020 mot litt over 1 000 ved den forrige beregningen.»

Behov for lærarar med PPU-A og PPU-Y


Figur 2 og 3 viser tilsvarende utviklingsbaner etter lærarar med PPU-A og PPU-Y (henta frå s. 37).

Etter SSB gjer sysselsettingsandel og gjennomsnittleg avtalte årsverk at tilbodet av lærarar med PPU-Y startar på rundt 13 000 årsverk (fig. 3). For dei med PPU-A var i 2013 tal nye studentar 2 038. For dei med PPU-Y var tal nye studentar 1 203 i 2013. For dei med PPU-A har tal nye studentar auka samanlikna med førre framskriving. For dei med PPU-Y har det vore nedgang.

SSB seier at gjeve suppleringa av nye kandidatar og fråtrekk av eldre arbeidstakarar, endar tilbodet av lærarar med PPU-A på omkring 42 000 årsverk i 2040, mens tilbodet av lærarar med PPU-Y endar på rundt 20 000 årsverk i 2040. Dei fleste med PPU-A og PPU-Y jobbar i vidaregåande opplæring. Etterspørselen etter desse lærarane blir mest styrt av veksten i vidaregåande opplæring (befolkningsutviklinga). I 2040, seier SSB, endar etterspørselen etter lærarar med PPU-A og PPU-Y på litt over 35 000 og 15 000 årsverk. Overskotet av begge desse lærartypene aukar utover i framskrivingsperioden, slik figur 2 og 3 syner.



Figur 2 Tilbod og etterspurnad etter lærarar med PPU-A (målt i årsverk), referansebane



Figur 3 Tilbod og etterspurnad etter lærarar med PPU-Y (målt i årsverk), referansebane

Gjennomgåande betyr framskrivningane frå Statistisk sentralbyrå at behovet for nyetablerte lektorutdanningar systematisk må sjåast i lys av tilbodet av faglærarutdanningar og PPU-A og

PPU-Y tilboda ved HVL. Vi risikerer å lage utdanningstilbod som kan konkurrere ut eigne tilbod. Nye tilbod må også sjåast i lys av andre institusjonar sine tilbod av lektorutdanningar.

Behova sett frå regionale skuleeigarar

Leiarane for høgare utdanning i Hordaland (Svein Heggheim), Sogn og Fjordane (Bekka Skasheim) og Rogaland fylkeskommune (Joar Loland) er bedne om å komme med innspel til spørsmåla om kva dei trur om behovet for lektorar i vidaregåande skular frå 2024 (med tanke på at første realistiske opptak HVL er 2019).

Verken i Rogaland eller i Sogn og Fjordane eksisterer det statistikk eller framskrivingar av kompetansebehov som syner kva fag dei vil ha størst avgang i dei neste åra. Men ser ein einsegn på alderssamansetjinga, vert det ein del naturleg avgang og behov for nyrekruttering. Rogaland har hatt vekst, og ventar større vekst i folketallet enn Sogn og Fjordane, der flyttetala gjer at ein ventar ein viss nedgang i talet på søkjarar til vidaregåande opplæring.

Både i Sogn og Fjordane og i Rogaland har det vore utfordrande å rekruttere lærarar som kan undervise i realfag, men etter nedgangen i oljebransjen var der ikkje problem på dette feltet. Siste året hadde det i Rogaland vore norsk som hadde gitt størst utfordringar og ein var nær ved å måtte legge ned klassar på grunn av mangel på norsklærarar. Også i Sogn og Fjordane blir det framheva at endringane i oljesektoren har endra tilgangen på søkjarar med realfagleg bakgrunn, medan språk og humanistiske fag vil det vere eit jamt behov for.

Fylkesdirektør Bekka Skasheim i Sogn og Fjordane seier generelt at rektorane i dei vidaregåande skulane i stor grad søker pedagogar med breiddekompetanse. Dette gjev dei høve til å tilby heile undervisningsstillingar. Det kan ofte vere vanskeleg dersom kompetansen berre er i eitt eller to fag.

Fylkesdirektør Svein Heggheim i Hordaland fortel at ein er i ein kartleggingsfase for kompetanse no. Planen er å skaffe eit betre oversyn for framtida. Hovudbilete i dag, slik ein har oversyn er likevel at Hordaland vil få ein liten befolkningsvekst på 2020-talet, men dette vil ikkje naudsynlegvis skape eit stort, nytt behov for lektorar. Det er uansett mange usikre faktorar. Sjølv om ein reknar med ein del vekst rundt Bergen i åra frå 2023-2024, veit ein lite om andre ting som påverkar. Til dømes omfanget av innvandring. Det skjer også ein viss rasjonalisering i lys av dagens skulebruksplan, noko som også påverkar behovet for lektorar.

Uansett signaliserer fylkesdirektøren at situasjonen er – og vil vere – mest kritisk når det gjeld yrkesfag. Det er berre to institusjonar som i dag tilbyr yrkesfaglærarutdanning. HiOA og NTNU, ingen på Vestlandet. Dette bør HVL vere merksam på, for det kan bli ein stor mangel på denne typen lærarar i framtida. Direkte rekruttering frå yrkesutøving er det blitt mindre av dei seinare åra. Forventingar om lønnsnivå og krav til pedagogisk kompetanse for fast jobb vil saman med alderssamansetninga i dagens lærarstab skape utfordringar. Det er her dei kjem, ikkje innanfor allmennfag. Spesielt vil dette gjelde for skular utanfor tettbygde strøk.

Difor er grenseflata mot PPU viktig, og HVL bør ta dette spørsmålet på alvor.

Sett frå Hordaland fylkeskommune si side vil det på grunn av alderssamansetninga i dag (tilsette fødde i 1948-1956) framstå eit behov for lektorar innanfor:

- a) Språkfag: Norsk og engelsk og andre framandspråk. Tysk er eit språk med lite tilvekst.
- b) Også samfunnsfag vil det mangle, men her blir det utdanna mange, som ein har tilgang til via PPU-A og etablerte lektorutdanningar. Stor avgang betyr ikkje naudsynlegvis krise.
- c) Realfag

Fylkesdirektør Heggheim signaliserer at kombinasjonar språk, samfunnsfag, norsk er dei mest interessante. Men samstundes gjev to fag liten fleksibilitet. Dei mindre skulane blir sårbare, det same som Skasheim i Sogn og Fjordane framhevar.

Realfag blir også av Heggheim framheva som eit område der søkjartalet er akseptabel no, fordi arbeidsmarknaden er som den er. Men det kan bli knapt i framtida, med krav om til dømes mastergrad innanfor fysikk, difor blir det framheva som det tredje området. Men her blir det igjen synt til kor viktig PPU-A viktig. Fylkesdirektør Heggheim er uviss på i kva grad lektorprogramma kan erstatte PPU-A, slik det fungerer i dag, som ein buffer.

Heggheim ynskjer ein aktiv og utoverretta høgskule som Hordaland fylkeskommune kan inngå samarbeid med, på fleire nivå. Men samarbeidet må vere konkret, ikkje for generelt.

Behova sett frå KS si side

KS har vore kontakta med tanke på kommunanes egne oversikter over sine kompetansebehov. KS svarte 25/11-2016 at dei ikkje har slike oversikter, men byggjer på SSB sine framskrivingar (sjå ovanfor). Vi har ikkje hatt kapasitet til å gå til einskildkommunar, men det er mogleg kompetanseplanar i dei største kommunane kunne ha gjeve eit betre oversyn over det reelle behovet for lektorar på Vestlandet.

Behova sett frå Utdanningsforbundet si side

Utdanningsforbundet har svart utfyllande på eit spørsmål om behov for etablering av lektorutdanning 8-13 ved HVL. Dei synte i sitt svar til eit faktaark som er publisert på deira heimeside⁷. Faktaarket synte at tal institusjonar som etablerer lektorprogram vart fleire og opptakstala auka jamt (Figur 5). Utdanningsforbundet meiner at arbeidsmarknaden for denne lærargruppa er god, særleg om personen er mobil og kan jobbe utanfor dei største byane.

Det er likevel nedgangen i tal uteksaminerte grunnskulelærarar, spesielt 1.-7. trinn, som uroa Utdanningsforbundet. Dei meinte det kunne bli vanskeleg å fylle samfunnets behov for denne typen lærarar i framtida. Utdanningsforbundet var i svaret opptatt av å rekruttere fleire søkarar til denne utdanninga og etablering av tiltak for å halde kandidatar frå GLU 1.-7. i skuleverket.




⁷ https://www.utdanningsforbundet.no/upload/Publikasjoner/Faktaark/Faktaark_2016/Faktaark_2016.08.pdf

Norsk lektorlag vart førespurde, men har ikkje svart på spørsmåla våre.

Folketalsutviklinga i Noreg og på Vestlandet

Den viktigaste faktoren som påverkar behovet for lærarar, og lektorar, er tal born og unge. Altså den generelle folketalutviklinga, der innanlands flytting og innvandring er ein del av biletet.



Figur 4 Framskriven prosentvis vekst i fylka 2016-2040

Figur 4 syner at folketalveksten i Rogaland og Hordaland vert langt høgare enn i Sogn og Fjordane⁸, noko som vil ha konsekvensar både for kvar søkjarane til ei lektorutdanning vil komme frå, kvar det vil finnast tilbod om praksisplassar og kvar arbeidsmarknaden for framtidige kandidatar i størst grad vil finnast.

I SSB sitt hovudalternativ for folketalutvikling i Noreg i åra 2016-2040, veks folketalet i Noreg med over 20 prosent i perioden. Det vil vere vekst i alle fylke, men i ulik grad. Dei mest folkerike fylka veks mest, både i prosent og tal. Spreiinga er endå større for kommunane: Frå 2016 til 2040 syner hovudalternativet at 67 kommunar har ein nedgang på meir enn 5 prosent i folketalet, 89 kommunar har omlag same folketal i 2040, medan det er vekst i resten av dei 272 kommunane. Av vekstkommunane har ein femdel over 30 prosent vekst.

Etter hovudalternativet blir Noreg stadig meir sentralisert utover i perioden. Dei største byane og kommunane rundt desse vil vekse mest. Oslo får ein vekst på nesten 200 000 og rundar 800 000 like etter 2030. Neste på lista er Bergen, med ein vekst på cirka 50 000 innbyggjarar og Trondheim med ein vekst på om lag 40 000 personar fram mot 2040. I dette alternativet fører den sterke sentraliseringa til at vi får sterk aldring i distriktskommunane. Dette skuldast både nettoutflytting av unge og den tilhøyrande reduksjonen i tal fødde. I dei minst sentrale kommunane vil 22 prosent av innbyggjarane vere over 70 år i 2040, opp frå eit nivå på 15 prosent i 2016, som i seg sjølv er høgt. For landsdelssentra er auken i tal eldre noko svakare.

Nokre problemstillingar for HVL knytt til behov og uvisse

Som denne gjennomgangen syner, har vi ikkje funne utsegner som seier at det vert eit stort behov for lektorar i åra som kjem. Snarare tvert om. Tala frå SSB syner at det vil bli eit overskot av slike lærarar, gitt utdanningskapasiteten. Slik sett bør ei satsing på lektorutdanningar sjåast som eit kvalitetstiltak. Dette er også meir eller mindre eksplisitt sagt i retningslinene for denne typen utdanning.

Det er uvisse knytt til folketalsutvikling, flyttemønster, innvandring og økonomiske utviklingstrekk. Desse faktorane påverkar både behov for og tilbod av personar med den typen utdanning det her er tale om. Dei økonomiske utfordringane i oljesektoren har til dømes heilt endra tilgangen på personar med realfagbakgrunn til dei vidaregåande skulane.

Vi har elles ikkje registert anna enn at det er eit jamt behov for personar som kan undervise i norsk, språk generelt og humanistiske fag. Vi har i denne utgreiinga berre vore i kontakt med leiarnivået i fylkeskommunane. Svara derifrå tyder på at HVL bør gå tettare på dei vidaregåande skulane på Vestlandet, altså *skulenivået*. Det er grunn til å tru at kunnskapen om faglege behov, og når behov oppstår på grunn av alder i lærarstaben, er å finne hos rektorane.

Vi veit heller ikkje kor mange som i dag underviser i dei vidaregåande skulane og ungdomsskulane, som ikkje har formell kompetanse, til dømes i *kroppsøving*. Det manglar generelt eit tydelege bilete av faglege behov som faktisk vil finnast, og kva skuleeigarar og rektorar faktisk vil skal prioriterast frå HVL si side. Det tydelegaste vi kjem dette, er utsegnene frå dei fylkeskommunale utdanningsleiarane, og denne gruppa trur det er klokt å leggje deira signal til grunn for prioriteringar.

Det er mogeleg at det er urealistisk å vente at andre skal teikne eit slikt bilete, og at HVL i sterkare grad sjølv bør setje dagsorden ved å samle inn, aggregere og analysere data frå skulenivået, samstundes som vi samarbeider med skuleeigarane om å trekkje slutningar om utdanning – og etter- og vidareutdanning – i fellesskap.

Ei anna uvisse er knytt til kva som vil bli oppfatta som skule- eller undervisningsfag i framtida. Ludvigsenutvalet (<http://nettsteder.regjeringen.no/fremtidensskole/nou-2015-8/>) har foreslått færre undervisningsfag og meir fokus på djupnelæring. Vi veit ikkje kva nye

læreplanar vil ha å seie for utviklinga av undervisningstilboda i dei vidaregåande skulane om nokre år.

Konklusjonen vår er at ei satsing på lektorutdanningar er interessant, men HVL må utvise varsemd i talet satsingar. Dette er ikkje eit tre som veks inn i himmelen. Det vil innebere konkurranse med andre institusjonar og omstilling av, eller intern konkurranse med våre eigne, eksisterande utdanningstilbod.

Dagens tilbud av lektorutdanningar – institusjonar og fagtilbod

Forskrifta som regulerer Lektorutdanning 8-13 blei vedteken i 2013, og dei første studietilboda og opptaka stammar frå det året. Dei første lektorane etter denne forskrifta er slik sett ikkje formelt utdanna enno, men det har skjedd ei jamn oppbygging av tilboda, og i tala frå Utdanningsforbundet er dei med (sjå tabell 5) som ferdige kandidatar, medan SSB ikkje reknar desse med i sine oversikter.

Dagens tilbud etter institusjonar og fagtilbod 2016

I tabell 2 listar vi det tilbodet av lektorutdanningar som vart lyst ut i 2016. I alt var det planlagt 19 lektorutdanningar ved 10 utdanningsinstitusjonar. Til samanlikning var det tilbydd 47 utdanningar ved 22 institusjonar når det galdt Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). I tabellen er tilboda frå Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger, utheva.

Tabell 2 Lektorutdanningar. Planlagde studieplassar, søknader og tilbod ved hovudopptaket i 2016⁹.

Studie-kode	Lære-Stad	Studiehandboknamn	Planlagde Studieplassar	Søkarar	Søknader Førsteval	Søkarar Kvalifisert	Søkarar Tilbod	Søkarar Førsteval Kvalifisert	Tilbod per plass
184 817	UiB	Lektorutdanning i nordisk	35	272	42	227	54	36	1,54
184 843	UiB	Lektorutdanning i naturvitenskap eller matematikk	35	400	77	342	65	70	1,86
184 844	UiB	Lektorutdanning i engelsk, fransk eller tysk	36	423	70	330	66	58	1,83
185 685	UiO	Lektorprogrammet, engelsk	40	732	108	537	75	73	1,88
185 817	UiO	Lektorprogrammet, nordisk	65	502	93	396	117	73	1,80
185 843	UiO	Lektorprogrammet, realfag	70	794	124	668	133	103	1,90
185 844	UiO	Lektorprogrammet, kultur og samfunnsfag	86	1234	251	965	155	210	1,80
185 935	UiO	Lektorprogrammet, fremmedspråk	25	339	53	261	50	44	2,00
186 843	UiT	Lektorutdanning trinn 8-13, realfag	20	215	18	174	33	16	1,65
186 844	UiT	Lektorutdanning, trinn 8-13, språk og samfunnsfag	50	538	107	380	101	69	2,02
190 934	MF	Lektorprogram i RLE/rel. og etikk og samf.	20	202	32	141	30	17	1,50
192 843	NMBU	Lektorutdanning i realfag	20	224	35	197	40	30	2,00
194 597	NTNU	Lektorutdanning i kroppsøving og idrettsfag	30	735	129	563	40	95	1,33
194 684	NTNU	Lektorutdanning i historie	25	670	110	556	40	94	1,60
194 685	NTNU	Lektorutdanning språkfag/engelsk	45	454	93	374	62	81	1,38
194 686	NTNU	Lektorutdanning språkfag/fransk	7	62	9	51	8	5	1,14
194 687	NTNU	Lektorutdanning språkfag/nordisk	33	264	34	238	56	31	1,70
194 689	NTNU	Lektorutdanning språkfag/tysk	5	72	12	60	12	10	2,40
194 843	NTNU	Lektorutdanning i realfag	70	1019	117	968	118	112	1,69
194 934	NTNU	Lektorutdanning i geografi	15	221	21	197	20	20	1,33
194 945	NTNU	Lektorutdanning i samfunnsfag	35	791	128	665	56	112	1,60

⁹ Tala er henta frå: http://www.samordnaopptak.no/tall/2016H/hoved/tilbud_per_plass/0721-132802

Prosjekt lærarutdanning, delprosjekt lektorutdanning 8-13

201 684	UiA	Lektorutdanning med historie i første studieår	5	245	34	191	8	30	1,60
201 685	UiA	Lektorutdanning med engelsk i første studieår	10	223	29	168	18	24	1,80
201 687	UiA	Lektorutdanning med norsk i første studieår	10	133	23	100	18	19	1,80
201 697	UiA	Lektorutdanning med matematikk i første studieår	20	148	27	100	24	20	1,20
201 934	UiA	Lektorutdanning med religion i første studieår	5	125	14	102	8	12	1,60
201 935	UiA	Lektorutdanning med fremmedspr. i første studieår	10	51	7	41	11	4	1,10
201 945	UiA	Lektorutd. med samf. kunnsk. i første studieår	10	212	19	170	15	16	1,50
209 935	HiHm	Lektorutdanning i språkfag	30	94	21	63	15	12	0,50
217 843	UiS	Lektor 8.-13. trinn, master i realfag	10	253	40	200	30	32	3,00
217 844	UiS	Lektor 8.-13. trinn, master i humanistiske fag	40	482	118	369	100	91	2,50
222 684	HSN, BV	Lektorutdanning i historie	25	158	27	108	33	17	1,32
222 687	HSN, BV	Lektorutdanning i norsk	10	58	6	43	4	4	0,40
222 843	HSN, BV	Lektorutdanning i realfag	25	37	2	28	0	1	

I alt vart det planlagt 977 studieplassar. Det var 1641 kvalifiserte førstevalssøkarar, og det vart gitt 1615 tilbod, 1,65 tilbod per plass. I 2016 fekk 164 fleire søkarar tilbod om studieplass ved Lektor 8-13 enn i 2015. Dette gjev ein auke i tal tilbod om studieplass med 5,5 %.

I tabellane nedanfor er institusjonane rangert etter tal studieplassar og fagområde.

Tabell 3 Institusjonar med lektorutdanningar rangert etter tal studieplassar i 2016.

Utdanningsinstitusjon	Planlagdestudie-plassar	Tilbod per plass
UiO	286	1,85
NTNU	265	1,55
UiB	106	1,75
UiT	70	1,91
UiA	70	1,46
HSN	60	0,62
UiS	50	2,60
HiHm	30	0,50
NMBU	20	2,00
MF	20	1,50

Tabell 4 Lektorutdanningar rangert etter fagområde i 2016.

Lektorutdanning i:	Planlagde studieplassar	Kvalifisert førsteprioritet per plass
Språkfag (Alle)	411	1,32
Realfag	270	1,42
Humanistiske/samfunnsfag	226	2,52
Kroppsøving og idrettsfag	30	3,17
Religion	25	1,16
Geografi	15	1,33

Dagens studentproduksjon

I tabell 5 nedanfor er det synt eit samla tal lærarar som er uteksaminerte frå universitet og høgskular dei siste åra. Tabellen er henta frå Utdanningsforbundets faktaark¹⁰.

Tabell 5 Tal personar som har gjennomført og bestått lærarutdanning i perioden 2013-2016 (kjelde DBH)

	2013	2014	2015	2016
ALU	1317	295	189	43
GLU 1-7	76	712	806	812
GLU 5-10	39	631	826	849
Sum	1432	1638	1821	1704
Lektor 8-13	200	243	285	309
BLU	2058	1893	2066	1792
PPU	1358	1681	1498	1553
Sum alle	5048	5455	5670	5358

Lektorutdanningane har hatt ein jamn auke i talet uteksaminerte kandidatar, men så har også fleire institusjonar etablert lektorutdanningar. Lektorutdanning 8-13 utgjer berre 4,0 stigande til 5,8% av den samla produksjonen av lærarar i åra 2013 – 2016.

PPU ligg til samanlikning på 26,4 – 30,8% av den samla produksjonen av lærarar dei same åra. Dette er nesten på same nivå som summen av grunnskulelærarar, som låg på 28,4 – 32,1%.

Fullføringsprosenten for lektorutdanningane på dei ulike lærestadane i Noreg er presentert i tabell 6.

Tabell 6 Fullføringsprosent for lektorutdanningar frå opptak i 2011 til fullføring 2016 (Tal henta frå DBH) (For NTNU var det i tillegg 54 som fullførte i 2016, men det manglar opplysningar om opptaket i 2011.)

Lærestad	Opptak 2011	Fullført 2016	Fullføringsprosent
UiB	80	20	25,0%
UiO	262	75	28,6%
UiT	76	28	36,8%
UMB/NMBU	22	10	45,5%
NTNU	140	58	41,4%
UiA	13	6	46,2%
UiS	54	1	1,9%



¹⁰ https://www.utdanningsforbundet.no/upload/Publikasjoner/Faktaark/Faktaark_2016/Faktaark_2016.08.pdf

Det gjeld for studentar som vart tekne opp i 2011 og som fullførte i 2016 etter normert tid på fem år. For UiB var den samla fullføringsprosenten på 25%, men det varierte mykje mellom fagretningane. For lektorutdanninga med master i nordisk var opptaket 19 i 2011 og 9 fullførte i 2016, ein fullføringsrate på 47,4%. For naturvitskap eller matematikk var det opptak av 29 studentar, men berre ein fullførte. For framandspråk (engelsk, fransk eller tysk) var opptaket 32 i 2011 og 10 fullførte i 2016.

Totalt sett var gjennomføringsprosenten låg for lektorutdanningane i Noreg.

Nokre strategiar som kan utleiast av dagens tilbod

Med utgangspunkt i dei eksisterande tilboda er det mogeleg å utleie nokre mogelege strategiar for HVL.

For det første kan vi ta utgangspunkt i eigne fagområde, der vi sjølv har høg, fagleg kompetanse og satse bevisst der, sjølv om vi då direkte konkurrerer med HiB og UiS. Dette betyr å satse på matematikk/naturfag, språkfag (norsk, nordisk) og samfunnsfag/humanistiske fag.

For det andre kan vi ta utgangspunkt i tilbod som har mange kvalifiserte søkjarar per plass, og anta at det er ei underdekning mellom interesserte. I tabell 4 som syner lektorutdanningar rangert etter fagområde, peikar her Humanistiske fag/samfunnsfag og kroppsøving og idrettsfag seg ut med mange søkjarar per studieplass. Innan kroppsøving og idrettsfag er det få planlagde studieplassar så langt.

For det tredje kan vi utvikle kombinasjonar der vi har kompetanse, men ingen andre tilbyr den konkrete samansetjinga av fag. Døme kan vere musikk og teknologi / naturvitskap, eller samfunnsfag og matematikk, eller idrettsfag/andre kombinasjonar

For det fjerde kan vi tilby meir eller mindre frie kombinasjonar, der studentane sjølv set saman fag I og II etter eigne ynskje. Dette er truleg krevjande logistisk, men kan oppfylle behov mellom søkjarar som har interesser som ikkje vert oppfylt gjennom dagens, eksisterande tilbod.

Truleg bør HVL sjå alle fire handlingsstrategiane i samanheng, og sjå dei i samanheng med signala om behova frå dei store arbeidsgjevarane. Dette gjeve ein praktisk og pragmatisk inngang til ei avgjerd om kva lektorutdanningar vi bør satse på.

Uvisse knytt til PPU og faglærerutdanningane

Generelt om faglærerutdanning og yrkesfaglærerutdanning

Det er fleire måtar å bli lærar på.

Faglærarar har utdanning innanfor eitt eller ei gruppe enkeltfag. Faglærarar har normalt sett ei utdanning på tre år. Dei er kvalifiserte til å jobbe både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring, men nokre av dei kvalifiserer i utgangspunktet ikkje til å undervise for 1.-4. trinn i grunnskulen.

Dette skuldast at det eigentleg er fleire typar faglærarar. Den eine gruppa er meir tradisjonelt knytt til skuleverket, men har kompetanse særleg knytt til for eksempel musikk, formgjeving, kroppsøving, naturfag, heimkunnskap og så vidare. Den andre gruppa er meir direkte knytt til yrkesfag av mange forskjellige typar, frå trafikk lærar, bygg- og anleggsteikning til helse- og oppvekstfag. Den tredje gruppa er faglærerutdanningar som byggjer på minst fagbrev eller sveinebrev, altså endå sterkare tilknytning til yrkesutøving.

I 2016 vart opptak 48 slike utdanningar utlyste her i landet¹¹. Det er naturleg å sjå føre seg at dei aller fleste av desse, truleg alle, kan byggjast vidare til ein mastergrad, på ein eller annan måte.

Det er likevel knytt uvisse til framtida for denne typen utdanningar. Spørsmålet er om, og i så fall for kva type utdanningar, det vil bli stilt krav om masterutdanning også her. Bak spørsmålet ligg det ei forventning om at dei utdanningspolitiske føringane som har sett femårig grunnskulelærerutdanning på dagsorden, også vil føre til eit tilsvarande press her.

I Yrkesfaglærarløftet frå 2015¹² er dette ikkje antyda som relevant for yrkesfaglærarane, sjølv om det er sagt at det skal satsast tydeleg på kompetanseheving for denne gruppa i åra som kjem, men på andre måtar.

PPU-Y som det er?

Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) er også ei eittårig tilleggsutdanning innanfor pedagogikk. Den blir tatt etter å ha fullført ein profesjonsretta (minst) bachelorgrad eller ei fagopplæring frå vidaregåande pluss relevant yrkespraksis. PPU-Y kvalifiserer i utgangspunktet til å undervise på trinna 8-13, særleg på vidaregåande nivå. Dette skuldast at dei færraste Y-fag finst som undervisningsfag i ungdomsskulen. Nokre av kandidatane får likevel stilling på andre opplæringsarenaer. Sidan det ikkje er sagt noko om krav til femårig yrkesfaglærerutdanning i framtida, inneber også det at PPU-Y mest truleg må behaldast, og at det berre er omfang som vert regulert i samsvar med tilbod og etterspørsel etter denne typen lærarar. Vi peikar også på innspelet frå utdanningsdirektør Svein Heggheim (sjå s 17 -

¹¹ <https://utdanning.no/studiebeskrivelse/fag- og yrkesfaglaererutdanning>

¹² https://www.regjeringen.no/contentassets/a196e650447d459faa1b1e1879216f3e/kd_yrkesfaglarerloftet_w eb_01.10.pdf

18). Mangelen på yrkesfaglærarar vil vere ei stor utfordring i Hordaland i framtida. Spørsmålet er her kanskje kor langt fram ein ser. Tala frå SSB tyder på eit overskot av slike lærarar. Her er det særst vanskeleg å trekkje konklusjonar, og HVL bør gå i tett dialog med dei tre fylkeskommunane om korleis ein bør tenkje om behovet på Vestlandet.

Framtida for praktisk-estetiske fag?

Spørsmålet er då om eit krav om masterutdanning er å vente når det gjeld andre typar faglærarutdanningar, dei som gjeld formgjevingsfag, kunst og handverk, kroppsøving og idrettsfag og musikk, dans og drama.

PPU-A i konkurranse med lektorutdanningar?

Praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfag (PPU-A) er ei eittårig utdanning innanfor pedagogikk som blir tatt i tillegg etter å ha fullført (minst) ein bachelorgrad innan allmenne fag. PPU-A kvalifiserer til å arbeide frå og med 5. trinn i grunnskulen.

Kunnskapsministeren har tidlegare signalisert at det her skulle innførast eit krav om masterutdanning for opptak til PPU. I og med at det i 2015 ikkje vart sagt noko om at yrkesfaglærarane skulle ha dette, må det bety at rammeplanen for PPU-Y frå 2013 skal gjelde, og at kravet om masterutdanning skulle gjelde det som blir kalla PPU-A frå 2017.

I april 2016 blei det likevel sagt at overgangsperioden for opptak til PPU vart forlenga fram til og med studieåret 2018-2019. Stoda er altså den, at folk med bachelorbakgrunn ikkje kan takast opp til PPU-A etter dette.

I tabell 7 er tala frå siste års søkjargruppe ved HSH. Som ein ser var der ein stor andel søkjarar med master på realfag, samfunnsfag, mediefag og ein del på RLE og i økonomisk-administrative fag. Også i andre språkfag er det ein del med master, men ganske få i norsk. Søkjarar med master er gitt prioritet ved opptak.

Tabell 7 Søkjarar med master og totalt til PPU-A ved HSH 2016

PPU-A	Master	Totalt
REA	80	139
SPR	10	67
NOR	5	37
PEL	15	84
SAM	50	136
RLE	9	33
MED	5	11
ØKA	14	48
Totalt	188	555

I samband med eventuell oppretting av lektorutdanningar ved HVL, fell kravet om masterutdanning saman med første moglege opptak. Spørsmålet er då om tilbodet om PPU-A då skal skalerast ned og ressursane nyttast i samband med lektorutdanningar.

Tabell 8 syner det samla omfanget av PPU-tilbod i 2016.

Tabell 8 Opptakstal for Praktisk-pedagogiske utdanningar ved HSH, HiB og HiSF i åra 2014-16. (Tal henta frå <http://dbh.nsd.uib.no/statistikk/>) HiB har berre PPU-Y. PPU-A i Bergen er det UiB som har ansvar for.

Institusjon \ År	2014	2015	2016
HSH			
PPU-Y (Ryfylke)	29	-	-
PPU-Y 8-13	-	34	74
PPU-A	58	65	115
Sum HSH	87	99	189
HiB			
PPU 8-13	72	89	142
HiSF			
PPU	34	40	39
PPU deltid	60	-	49
PPU-Y 8-13	-	-	21
Sum HiSF	94	40	109
Sum alle	253	228	440

Litt om HSH sine tal:

PPU-Y (Ryfylke) var eit tilbod som kom i gong etter initiativ frå eit samarbeidsorgan i Ryfylke som kallar seg "Utdanning i Ryfylke". Dei har hatt eit samarbeid med HSH i mange år om ulike utdanningar. Dette tilbodet vart lokalisert til regionen og fann stad på ulike vidaregåande skular.

PPU-Y og PPU-A er lokalisert til Rommetveit på Stord. Dei to profilane blir har i stor grad felles førelesingar og felles opplegg, men er sjølvstøtt delt i sine ulike (og mange) fag i fagdidaktikken og er delt i Y og A i einiskilde tema. Praksisopplæringa er sjølvstøtt også knytt direkte til den einiskilde sitt opptaksfag.

Våren 2016 opplevde HSH ein rekordstor søknad med over 750 søkjarar (samla Y og A) mot tilegare rundt 400. Dette kan sjåast som eit utslag av kravet om master på PPU-A frå 2017, som då framleis stod ved lag, men også auka arbeidsløyse og større usikkerhet på arbeidsmarknaden kan ha gjort utslag.

Samanhengen mellom PPU-A og andre utdanningar ved HVL

Ei anna side ved PPU-A, er at det er ein samheng mellom dette tilbodet og nokre av våre eigne utdanningar, det vi tenkjer på som «sjølvrekruttering». Det inneber at til dømes det alltid er ei gruppe studentar som har tek Bachelor i idrett, fysisk aktivitet og helse, Bachelor i

idrett og Bachelor i friluftsliv ved Campus Sogndal, som etterpå tek PPU-A. Denne sjølvrekrutteringseffekten er også velkjent i Bergen og ved Stord, og alle endringar som påverkar PPU-A vil potensielt ha store konsekvensar for desse utdanningane, men også omvendt.

Nokre førebels konklusjonar

Arbeidsgruppa vart beden om å gje ei omtale av grensesnittet lektorutdanningar måtte ha mot eksisterande PPU-utdanningar. Dette har vore ein av dei meir utfordrande delane av mandatet, fordi det ikkje er nokre openberre, gode svar på korleis HVL skal forholde seg til dette grensesnittet. Dette handlar også om spørsmål som er større og viktigare enn oppretting av ei lektorutdanning eller to ved vår høgskule. Det kan likevel skisserast fire forsiktige konklusjonar av denne gjennomgangen:

PPU-Y bør truleg bevarast som eit viktig tilbod for å skaffe relevant arbeidskraft til dei vidaregåande skulane. Kanskje også utviklast vidare. Yrkesfaglærarutdanningar ser ikkje ut til å kunne erstatte dette tilbodet. Kanskje bør skuleeigarane på Vestlandet saman med HVL vurdere nærare korleis utfordringane med mangel på denne typen lærarar kan møtast.

Grenseflata mellom PPU-A og lektorutdanningar handlar meir om kva profil PPU-A skal ha. Dersom ein byggjer opp større tilbod av lektorutdanningar til dømes retta mot språkfag, kan dette ha naturlege konsekvensar for innhald og skalering.

Sjølvrekrutteringssida ved PPU-A må heller ikkje undervurderast. Fleire av bachelorutdanningane våre byggjer implisitt på at interesserte kandidatar kan gå vidare denne vegen.

Så har vi dette spørsmålet om det kjem krav om masterutdanning for lærarar i praktisk-estetiske fag. Dette er i januar 2017 eit spørsmål som framleis blir diskutert og vurdert politisk. Dette vil ha konsekvensar for sjølvrekrutteringssida og PPU-A-profil.

Mogelege utviklingsretningar for HVL

Vilje og ynskje mellom dagens leiarar om å skape ein komplett institusjon

Det er eit uttrykt ynskje mellom leiarane i dagens tre utdanningseiningar om å utvikle HVL til ein utdanningsinstitusjon som femner frå barnehage til vidaregåande skule. Vi må ville noko meir enn berre å tilby PPU-A og PPU-Y. Visjonen må vere eit samla løp, og vi bør ha som ambisjon, om på sikt, å tilby alle skulefag i heile utdanningsløpet.

Styrken vår vil vere at ambisjonane kan vere solid forankra i lærarutdanningstradisjonen og banda til dei gamle lærarskulane, meir enn til universitetstradisjonen.

Spørsmålet blir då kva som er realistisk oppbygging med tanke på rekruttering, fagleg utvikling og finansiering.

Det institusjonelle landskapet som utgjer norsk, høgre utdanning er i endring. HVL er ein del av desse prosessane. Det kan komme nye endringar i dette landskapet, og gruppa peikar på at HVL bør vere på tilbodssida når det gjeld samarbeid med andre aktørar som tilbyr lektorutdanningar, både når det gjeld etablering og drift, men også når det gjeld samspel om arbeidsdeling og fordeling av ansvar og oppgåver innanfor det samla tilbodet av slike utdanningar, særleg på Vestlandet. Dette er ei logisk følgje av at vi ynskjer å vere ein sterk og komplett lærarutdanningsinstitusjon.

Særpreg som må utviklast – det heilskaplege løpet

Det følgjer også av haldninga om å etablere eit heilskapleg tilbod, at det vi talar om er integrerte lærarutdanningar. Alle som har sagt meininga si om dette, meiner det same. HVL må leggje stor vekt på å utvikle studietilbod som er verkeleg integrerte, vi skal ikkje levere disiplinifag, men lærarutdanningar som tydeleg skil oss frå meir tradisjonelle, universitetsprega utdanningsløp.

Den tette koplinga til lærarutdanningstradisjonen kan utviklast på fleire måtar:

- Tydeleggjere dei fortrinna vi har som lærarutdanningsinstitusjon heller enn disiplinutdanning.
- Gjere pedagogikk og didaktikk til integrerte deler av fag I og fag II. Synleggjere denne integreringa
- Legge stor vekt på koplinga mellom undervisning og praksis. Trene studentane i å bli gode lærarar gjennom kjennskap til fleire læringsformer, utvikle fleirfagsdidaktikk
- Utvikle og framheve samanhengen mellom doktorgradsutdanninga i danning og didaktiske praksisar og didaktiske komponentar i lektorutdanningar

Ingen av dei som har uttalt seg har vore meir konkrete enn dette. Likevel er det ei tydeleg semje om at dersom vi skal gjere dette, skal det skapast integrerte lærarutdanningar, ikkje noko anna.

Ved Høgskulen på Vestlandet finst det allereie ei omfattande erfaring med integrerte masterutdanningar tett knytt til grunnskulelærarutdanninga. Ved campus Bergen var det per

1.1.2017 fem masterutdanningar knytt til skulefag: Barne - og ungdomslitteratur (norsk og engelsk), fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø (idrett og mat og helse), musikkpedagogikk, samfunnsfagdidaktikk og undervisningsvitenskap (matematikk, norsk, engelsk og pedagogikk). På campus Sogndal blir master i læring og undervisning (matematikk, norsk, kroppsøving og samfunnsfag) og master i spesialpedagogikk tilbydd for studentar med bakgrunn i grunnskulelærarutdanninga. Master i organisasjon og leiing og master i idrettsvitenskap har ikkje så sterk tilknytning, men rekrutterer også delvis studentar med slik bakgrunn. Ved campus Stord vert i dag to masterutdanningar tilbydd: Master i kreative fag og læreprosessar som har fire moglege profileringar; Kunst og handverk, musikk, og den estetiske barnehagen. Master IKT i læring som handlar om integrasjon og bruk av IKT i undervisning. Studiet har to ulike profilar, ein teknologisk orientert profil, og ein allmenndidaktisk profil

Masterstudia har bygd på, og rekruttert frå grunnskulelærarutdanningane, men har også rekruttert eksternt. Studia ved campus Bergen har fått gode tilbakemeldingar på Studiebarometeret, og fleire av studia har også hatt ein svært god fullføringsprosent (også på normert tid).

Studia i Bergen har vore profesjonsretta med fagdidaktikk og praksis integrert i studia. Det same gjeld for masterutdanningane i Sogndal og på Stord. Masterstudiet i undervisningsvitenskap i Bergen, som har vore eit samarbeid mellom ei rekkje fag, har også utvikla konseptet fleirfagsdidaktikk som eige emne: I emnet ser ein dei ulike faga i komparativt lys for å identifisere didaktiske likskapstrekk og møtepunkt, men også for å skape auka medvit om det særeigne ved dei ulike fagas didaktikk. Master i læring og undervisning inneheld ei fordjuping i eit skulefag (norsk, matematikk, kroppsøving eller samfunnsfag) og prosessar knytt til læring og undervisning. Studentane fordjupar seg innan læring, læringsmiljø, didaktikk og fagdidaktikk. Master i kreative fag og læreprosessar tek utgangspunkt i den estetiske dimensjonen og bruker denne som ein fellesnemnar inn i profileringsfaga. På same måte brukar master IKT i læring IKT mediet som fellesnemnar. Begge profileringane her kan knytast opp mot konkrete skulefag

På bakgrunn av den breie erfaringa med integrerte masterutdanningar, både når det gjeld undervisning, rettleiing og organisering, og utdanningane si forankring i aktive fagdidaktiske forskingsmiljø, kan ein konkludere med at HVL står godt rusta til å kunne byggje gode integrerte lektorutdanningar.

Forsking, masteroppgåver og rettleiing

Det er eit ynskje frå dei tre lærarutdanningsinstitusjonane at HVL skal utvikle og framheve samanhengen mellom doktorgradsutdanninga i danning og didaktiske praksisar og didaktiske komponentar i framtidige lektorutdanningar. Dette har fleire sider.

For det første er rett, formell kompetanse mellom dei tilsette naudsynt av omsyn til krava til fagmiljø, slik dei blir formulerte i dei innskjerpa studiekvalitetsforskriftene^[1], desse gjeld for alle masterutdanningar. Det blir uttrykkeleg sagt i samband med forskriftsendringa, som trer i kraft frå årsskiftet 2016/2017, at føremålet er ei innskjerping. Det skal stillast strengare krav til dei miljøa som skal levere masterutdanningar.

For det andre blir det viktig å sjå behovet for rettleiing av masteroppgåver i lektorutdanningar i samband med det tilsvarande behovet som blir generert gjennom GLU-master og arbeidsplassbasert masterutdanningar. Det blir mange som skal ha rettleiing, og samla kapasitet kan bli ei utfordring, sjølv for den samla HVL.

For det tredje må vi utvikle didaktiske forskingsprogram som kan knyte saman doktorgradsutdanninga med dei utviklingsbehova som finst i dei vidaregåande skulane. Masteroppgåver kan her fungere som kunnskapsberarar mellom skuleverket og forskarutdanninga. Men det skjer ikkje av seg sjølv. Vi må utvikle systematiske, overgripande forskingsprogram som kan integrere masteroppgåver med forskinga ved institusjonen.

For det fjerde må vi sjå forskingsprogram, masteroppgåver, praksis og undervisning i samheng med reelle behov for didaktisk utviklingsarbeid i dei vidaregåande skulane. Studentane sin praksis må sjåast i lys av både fagutvikling i skular, individuell utvikling for studentane, men også som didaktisk forskning for HVL.

Alle masterstudium må i utgangspunktet ha aktive, forskande og publiserande fagmiljø (både nasjonalt og internasjonalt) der både fagdidaktikk og anna profesjonsrelevant forskning står sentralt.

Ved campus Bergen er det ei rekkje miljø som oppfyller slike kriterium, og syner det gjennom eksisterande mastertilbod i tillegg til dei spesifikke fagdidaktiske forskningstematikkane, kan det peikast på ei rekkje forskningstematikkar som går på tvers av to eller fleire fagmiljø:

1. Barne- og ungdomslitteratur og språkutvikling hjå born og unge
2. Demokratisk danning i utdanning og samfunn
3. Fleirkulturelle samfunn og etnisk mangfald i skulen
4. Utdanningspolitikk
5. Rolla til praktiske og estetiske fag i skulen
6. Helsearbeid og fysisk aktivitet/ helsefremjande og kunstfagdidaktisk arbeid

I Sogndal vart det i tidlegare HiSF etablert a to forskingsprogram som er relevante for lektorutdanningar. Innanfor eit *Idrettsforskningsprogram* vart et oppretta tre forskingsgrupper:

^[1] https://www.regjeringen.no/contentassets/ca1552786d754f5b92f06e2f1190ce48/rundskriv-f03_16-studiekvalitetsforskriften-med-vedlegg.pdf

- a) Fysisk aktivitet og folkehelse, b) i kroppsøving og friluftsliv og c) Idrett, utvikling og prestasjon

Knytt til eit *Læringsforskningsprogram* er det oppretta ni forskingsgrupper:

- a) Barns læringsliv i barnehagen b) Spesialpedagogikk c) Pragmatisk estetikk, d) Fleirspråkleg og fleirkulturell barnehage, e) Leing i utdanningssystem, f) Research in eTeaching and eLearning, g) Research in Learning and Teaching h) research in Pedagogical Entrepreneurship og i) Lesing, skriving og språkutvikling

Stord har aktive, forskande og publiserande fagmiljø innan fagdidaktikk og profesjonsrelevant forskning knytt til begge masterstudia. Døme på forskingsprosjekt knytt til anten dei estetiske faga eller til IKT, - eller som samarbeidsprosjekt er Skole og konsert – fra formidling til dialog (DiSko) og Improvisation in teacher education Curricula and Practice in Dynamic Interplay (IMTE).

Ytterlegare profilering?

Rammeplanen for lektorutdanningar skisserer at 20 studiepoeng kan utviklast av den einsskilte institusjon, som bidrag til å utvikle ein unik profil. I tilbakemeldingane frå fagmiljøa er det klare signal om at ei tett tilknytning til skuleverk, undervisning og læring skal særprege utdanningane. Spørsmålet vert då korleis ein ytterlegare kan styrke denne profilen.

Eit anna innspel er spørsmålet om korleis denne profilen kan tilpassast trekk ved den ungdommen som skal bli framtida. Eit urovekkande utviklingstrekk er til dømes veksten i psykiske plager i den aldersgruppa elevar det her vil vere tale om¹⁴, men også endringar i fysisk aktivitetsnivå som igjen påverkar helsesituasjonen. Den fysiske aktiviteten avtar med alderen, men gutar er meir aktive enn jenter. Folkehelseinstituttet oppsummerte stoda i 2016 slik:

«Om lag 9 av 10 seksåringer oppfyller anbefalingene for moderat og intensiv fysisk aktivitet daglig og ukentlig. Blant 15-åringer er andelen om lag 50 prosent. Barn i alle aldre bruker en stor del av dagen til stillesitting. () Fysisk aktivitet i skoletiden kan bidra til å øke det fysiske aktivitetsnivået og kanskje også påvirke skoleprestasjonene i positiv retning¹⁵.»

Kunnskap om slike samanhengar, kombinert med signal om at folkehelse- og livsmeistring skal vere eitt av dei tre tverrfaglege tema som skal prioriterast som skulens dannelsingsoppdrag i framtida¹⁶, gjer at framtidige lektorutdanningar ved HVL kanskje bør gjere ungdomens liv

¹⁴ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/helse-og-sykdom/psykisk-helse-hos-barn-og-unge---fo/#utvikling-over-tid>

¹⁵ <https://www.fhi.no/nettpub/barnehelserapporten/helse-og-levevaner/4.2.-fysisk-aktivitet/>

¹⁶ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20152016/id2483955/>

og livsrøyndom til ein del av profesjonsfaget. Spørsmålet er vidare om dette også kan gjerast på ein måte som styrkar den unike profilen HVL har høve til å utvikle gjennom desse 20 sp.

Det kan tenkjast ei profilering som tek eit positivt utgangspunkt i ei «moderne» lærarrolle, i form av «den gode læraren for undervisning i morgondagens vidaregåande skule. Denne kan likevel profilerast gjennom tilknytning til fleire kunnskapsområde ved institusjonen:

- didaktikk, fleirfagleg kompetanse og danning
- ungdomskulturar og ungdomssosiologi
- kreativitet, kunst og vitskap
- fysisk aktivitet, kosthald og læring

Alle tre, eksisterande lærarutdanningsmiljø har gjennom kunnskapsområde som dette høve til å bidra til ein unik profil. Men dette må skje konkret i utviklinga av kvar studieplan.

Økonomiske ressursar

I dette arbeidet er det ikkje gått særleg inn i spørsmålet om finansiering av nye utdanningar. Spørsmålet er blitt reist andsynes dekanane, og oppsummert ligg det i svara at nye lektorutdanningar må finansierast ved:

- Ei viss samkøying av undervisning med GLU 5-10 i nokre tilfelle/nokre campus, alternativt også arbeidsplassbasert master
- «Bygge om» årseiningar/disiplinfag. Lærarutdanningane i Sogndal og Stord har slike, Bergen har det ikkje, dei inngår i lærarutdanningane.
- Ombygging av eksisterande bachelorutdanningar ved andre fagavdelingar
- Nedlegging av andre studietilbod, overføring av ressursar frå eksisterande tilbod, mellom anna frå PPU-A
- Tilførsle av nye ressursar/studiepoeng gjennom utvida budsjetttramme
- Kombinasjonar av alle strategiane

Overlapping med andre lærarmasterutdanningar

Oppretting og drift av lektorutdanningar kan representere nokre utfordringar for HVL når det gjeld overlapping. Overlappingsproblemet framstår i tre former:


Målgrupper: Oppretting av for mange lektorutdanningar kan gjere det mindre attraktivt å søkje på GLU-master 5-10. Dette er ein openberr risiko. Vi skapar konkurranse med oss sjølv.

PPU-A: PPU-A har vore grunnleggjande viktig for å kvalifisere lærarar til dei vidaregåande skulane, og som vi har peika på, har i åra 2013-2016 hatt ein samla produksjon på 26,4 – 30,8% av den samla produksjonen av lærarar. Dette er nesten på same nivå som summen av grunnskulelærarar, som låg på 28,4 – 32,1%. Dersom HVL reduserer omfanget av PPU-A til fordel for nye lektorutdanningar kan vi bidra til å redusere talet lærarar. Dette kan vere ei ynskja utvikling, gitt faren for overproduksjon, men då bør det vere ei klar prioritering.

Fagleg: Det skal undervisast i fag som dels vil overlappa med GLU-master 5-10, men også arbeidsplassbasert masterutdanningar. Dette gjev utfordringar knytt til logistikk og «dobbel» undervisning. Dette kan løysast

- på studieplannivå, der nye studieplankomitear for lektor blir pålagt å samordne mest mogeleg med eksisterande studieplan(ar) for særleg GLU-master 5-10.
- Gjennom undervisningsorganisering på studiestadane
- Det kan også vere ei fagleg overlapping i det som blir kalla profesjonsfaget. Ressursar frå og kompetanse frå PPU kan tenkjast nytta her.

I samband med studieprogramplan for grunnskulelærarutdanning trinn 5-10 vart det skissert ei progresjonstrapp som syner korleis utviklinga av læraren som kunnskapsarbeidar kan tenkjast (Figur 5). Modellen er ei tilpassing av den såkalla «Tromsøtrappa», utvikla av Universitetet i Tromsø. Modellen kan godt brukast for å syne kor og på kva måte det er mogeleg å samordne profesjonsfaget i masterutdanningar som byggjer på same tenking.



Figur 5 Progresjonstrapp (Henta frå Studieprogramplan for grunnskulelærarutdanning trinn 5-10)

Når det elles gjeld samordning av undervisning er det naturleg å peike på at det er tre måtar å gjere dette på:

- Køyre eit studium på ein campus. Dette inneber at studentane har all si undervisning ved ein campus og alt vert i praksis organisert og leia frå denne staden. Dette kan vere aktuelt for spesialiserte lektorutdanningar.
- Fleircampusorganisering. Som inneber at studentane kan setje saman fag som går ved fleire campusar. Dette kan vere aktuelt dersom profesjonsfaget blir det same for alle lektorutdanningane og det er mogeleg praktisk å setje saman fag I og II ved «plukke» frå samla tilbod. Dette kan vere aktuelt for større og populære utdanningar.
- Campusovergripande. Ein tredje modell kan vere å tilby I campusovergripande undervisningstilbod i første omgang i 3. studieår. Avhengig av erfaringane, kan denne måten å organisere og gjennomføre studieløpet vidareutviklast. Dette kan tenkjast både i lys av fleircampusorganisering, men også i dei tilfella der ein har utfyllande fagmiljø knytt til fleire campusar.

Kvar studieplankomiteé som vert oppretta, må bedast om å svare på korleis ein tenkjer seg organiseringa. Det er openbert at den første er minst ressurskrevjande, medan dei to siste i sterkare grad oppfyller forventningar om å auke tilboda og å bruke faglege ressursar meir saumlaust.

Akkreditering og tidsplan for oppretting av nye lektorutdanningar

Denne gruppa ser det som naturleg at HVL er ein sjølvakkrediterande institusjon i kraft av Ph.d.-studiet: «Studier av danning og didaktiske praksiser». NOKUT sine kriterium for akkreditering gjeld likevel også for institusjonar med slike faglege fullmakter, og desse prosessane tek tid. I tillegg bør ny leing ved lærarutdanninga ved HVL kunne ha innverknad på prioriteringa av både fagportefølje og ressursbruk, difor må desse på plass. Dette gjev følgjande realistiske tidsplan:

- V2017 Det har vore krevjande å finne informasjon om og når dei vidaregåande skulane på Vestlandet vil møte behovet for lektorar i vidaregåande skular. Det er trong for ei kartlegging på skulenivå, og mellom dei største kommunane på Vestlandet (med tanke på ungdomstrinnet)

I tillegg er det behov for ei tydelegare kartlegging av vilje og ønskje i fagmiljøa om å bidra til utvikling av lektorutdanningar. Dette gjeld også andre fagmiljø enn dei som er knytte til lærarutdanningane. Spørsmålet er i kva grad dei kan vere viljuge til å delta i dei forpliktande didaktiske prosessane som lektorutdanning inneber?

Dette inneber at denne rapporten bør sendast på både intern og ekstern høyring, der ein ber om innspel og synspunkt på tilrådingane i denne rapporten.

Ei formell vidareføring av DELPROSJEKT LEKTORUTDANNING 8-13 bør vurderast som del av OU-prosjektet, etter 1.februar 2017.

Styret bør få informasjon om framgangen i dette del-prosjektet i løpet av våren 2017, med dei tilrådingar og førebels konklusjonar rektor trekkjer av arbeidet då langt.

H2017 Vil ny leiging for lærarutdanningane vere på plass ved HVL. Det er rimeleg at leiinga får høve til å forankre eventuelle lektorutdanningar i eige strategi- og budsjettarbeid

Her er også tidspunktet for å komme med innspel om friske pengar – auka budsjett for 2019.

H2017/
V2018 Så raskt som råd, hausten 2017 bør studieplankomiteé(ar) formelt opprettast. Dette skal mest truleg skje gjennom styrevedtak, og seinast kan dette skje i januarmøte. Helst før.

H2018
(okt.) Tidleg i oktober bør planar vere så klare at dei kan danne grunnlag for innarbeiding i budsjett og studieprogram for 2019

H2018
(nov.) Bør godkjenning etter eigne faglege fullmakter finne stad (sjølvakkreditering)

H2018
(des.) Innmelding til samordna opptak for 2019

H2019 Oppstart første lektorutdanning(ar) HVL

Oppsummering og konklusjon

Gruppa registrerer ein uttalt vilje og eit ynskje mellom dagens dekanar om å gjere HVL til ein komplett lærarutdanningsinstitusjon, noko som inneber å byggje opp integrerte lektorutdanningar som byggjer på lærarutdanningstradisjonen. Den tette koplinga til lærarutdanningstradisjonen kan utviklast på fleire måtar, både gjennom didaktiske innfallsvinklar og gjennom systematisk forskning.

Både rett, formell kompetanse og relevante, framtidsretta forskingsprogram vil vere sentrale stikkord i oppbygginga av dei fagmiljøa som skal ha ansvaret for lektorutdanningar. Slike forskingsprogram må ta på alvor eit behov for kunnskapsutvikling mellom dei fagtilsette, mellom studentane, men også i skulane og arbeidslivet.

Temaet «Ei moderne lærarrolle» som kan ta opp i seg utfordringar knytt til ungdoms livsmeistring kan vere grunnlag for ei tydeleggjering av ein profil for slike utdanningar ved HVL.

Lektorutdanningar kan overlappe andre utdanningar på fleire måtar. Når det gjeld målgrupper er det særleg viktig å vere merksam på rekrutteringa til GLU-master 5-10. Fagleg skal det undervisast i tema som overlappar, og dette kan gje grunnlag for interessant samspel mellom fleire mastertilbod. Gruppa trur at den såkalla «Tromsøtrappa» slik

studieprogramplanen for grunnskulelærarutdanning trinn 5-10 har skissert den, kan danne grunnlag for slik samordning.

Når det gjeld organisering av undervisning kan det skje på ein campus, gjennom fleircampusorganisering som inneber at studentane kan setje saman fag som går ved fleire campusar og gjennom campusovergripande undervisning. Kvar studieplankomité som vert oppretta, må svare på korleis ein tenkjer seg organiseringa.

Denne gruppa ser det som naturleg at HVL er ein sjølvakkrediterande institusjon i kraft av Ph.d.-studiet: «Studier av danning og didaktiske praksiser», og skisserer innanfor denne ramma ein tidsplan som kan føre fram til oppstart av lektorutdanningar i 2019.

Konkrete framlegg om lektorutdanningar ved HVL

Vi hatt møte med leiinga ved dei tre, eksisterande lærarutdanningane som inngår i HVL. I Bergen møtte også representantar frå fleire, ulike fagseksjonar. Desse har vore aktive og gjeve konkrete innspel. Dekanane har i mindre grad gjort det, men visse signal har også dei gjeve.

Innspela handlar om kor ein meiner eit fagmiljø eller avdeling fagleg kan bidra inn i eit lektorprogram – no. Nedanfor gjer vi kort greie for innspela, i tilfeldig rekkjefølgje.

Konkrete innspel

Samfunnsfagseksjonen ved campus Bergen kan tenkje seg at HVL tilbyr ei lektorutdanning i *samfunnsfag* (forstått som samfunnskunnskap, historie og geografi), med høve til fordjuping i dei ulike disiplinane. I ei framtidig 8-13-utdanning vil samfunnsfag kunne kombinerast med fleire fag, men særleg med tanke på trinna 8-10, vil det truleg vere mest fornuftig å tilrå å kombinere samfunnsfag med norsk. Men andre fag som til dømes engelsk og religion vil også kunne vere aktuelle kombinasjonar.

Musikk ved campus Bergen samarbeider gjerne med andre fag om lektorutdanninga, og dei mest aktuelle fagkombinasjonane ein ser no, er musikk og norsk og musikk og matematikk. Bergen tilbyr i dag mastergrad i musikkpedagogikk, og seksjonen har høg kompetanse i musikkteori, komponering og arrangering, instrumentalundervising og musikkpedagogikk.

Engelskseksjonen ved campus Bergen meiner det er både ønskeleg og realistisk å gje eit tilbod om lektorutdanning med master i engelsk ved HVL. Når det gjeld kombinasjon med andre fag, meiner seksjonen at engelsk lar seg kombinere spesielt godt med norsk/nordisk, historie, samfunnsfag, samt eventuelle andre, nyoppretta framandspråksfag.

Idrettsseksjonen ved campus Bergen spelar inn bachelorstudiet i kroppsøving og idrettsfag kan vere grunnutdanninga i eit vidare masterløp for kroppsøving og idrettsfag med lektorutdanning 8-13, men seksjonen er også open for samarbeid med alle andre fag og kombinasjonar.

Religion, matematikk/naturfag norsk, historie og drama er også omtala i innspel frå campus Bergen. Desse kan inngå i kombinasjonar med andre fag.

Innspela frå campus Sogndal så langt er at *kroppsøving og idrett*, som er eit stort og velutvikla fagområde ved det gamle HiSF, kan danne basis for eitt av faga som kan inngå som fag I i et lektortilbod. Det gjeld også *matematikk, samfunnsfag/historie og norsk*. I desse faga har ein formell kompetanse til å bidra til dette nivået. Vidare kan ein levere *engelsk og norsk* som fag II i lektorutdanningar.

Lærarutdanninga på Stord spelar inn at ein har eit sett av årsstudium som kan byggjast om og inngå i lektorutdanningar. Det gjeld *samfunnsfag med didaktikk, engelsk, kunst og handverk og kroppsøving*. I dette ligg det at Stord, slik det er i dag, først og fremst spelar inn

tilbod som i dag kan inngå som fag II. I tillegg kan faglege ressursar frå grunnskulelærarutdanninga (Master GLU) og eit sterkt PPU-miljø bidra til profesjonsfaget.

Musikk er eit stort og tungt fagmiljø på Rommetveit på Stord. Ein har ei faglærarutdanning (4 år), i tillegg til ei bachelorutdanning i Community Music (3 år) Desse kan vere det sentrale i eit praktisk estetisk fagområde dersom det skulle komme krav om mastergrad knytt til desse fagområda, men uansett er eit samarbeid om ei musikklektorutdanning i samarbeid med miljøet i Bergen aktuelt.

Kva kan vi tilby ved HVL?

Gjennomgangen over er ikkje uttømmende, og det kan vere naudsynt med ei ny runde med meir konkrete innspel.

Slik vi har informasjon i dag, har den samla institusjonen kompetanse i samfunnsfag i brei tyding, det skal vere mogeleg å kunne byggje opp tilbod med ulike kombinasjonar av historie, norsk, engelsk, musikk, idrett- og kroppsøving, matematikk og naturvitskapelege fag, drama, kunst og handverk.

Det faglege nivået er ulikt fordelt på dei tre campus som gjev lærarutdanning, og fulle breidde i alle fagområde kan ikkje tilbydast alle stader, dersom ein ikkje tenkjer campusoverskridande utviklings- og undervisningsarbeid.

Fag frå andre avdelingar enn lærarutdanningane kan inngå, men dei har då ikkje i utgangspunktet den tilknyttinga til lærarutdanningstradisjonen som er blitt framheva andre stader i denne rapporten.

Konklusjonar og tilråding

Sett i lys av det som er sagt over, og måten vi tolkar både eksisterande tilbod og signal om etterspørsel, peikar nokre idear og mogelege kombinasjonar seg ut. Sett i lys av lærarutdanningane ved dei tre studiestadane ser framlegget slik ut:

Lærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet			
Prio	Sogndal	Bergen	Stord
1	Eit lektorprogram i språk/samfunnsfag som vert utvikla i lag, og kan tilbydast i ulike grader ved alle dei tre campusane		
2	Eit lektorprogram idrett/kroppspøving kombinert med eitt av faga over. Bergen og Sogndal		
		Eit lektorprogram i musikk, kombinert med eitt av faga over. Først og fremst Bergen og Stord	
3	Eit lektorprogram i naturfag/naturvitskaplege fag/matematikk		

Eit lektorprogram i språk/samfunnsfag

Sjølv om ein går inn i ein konkurransesituasjon med UiB og UiS og andre tilbydarar, tyder signala frå fylkeskommunane at som førsteprioritet bør HVL byggje opp eit lektorprogram innanfor *språk (norsk/engelsk), samfunnsfag/historie*.

Her er omgrepet samfunnsfag brukt breitt. Det inkluderer samfunnskunnskap, historie og geografi. Dette dekkjer skulefaget 8-10 og det er også utgangspunktet for dei lærarutdanningane vi allereie driv (jfr. høve til overlapping med 5-10), samt den eksisterande utdanninga i samfunnsfagdidaktikk.

Det er her tale om kompetanse som finnast ved alle tre campusane, og det kan tenkjast at programmet kan tilbydast både i Sogndal, Bergen og Stord, men ikkje med dei same tilboda. I dette ligg det at det blir utvikla eit felles profesjonsfag, som er tett knytt til det tilsvarande profesjonsfaget for GLU 5-10, og at ein tilbyr eit utval tilbod som kan vere fag I, og eit anna tilbod som kan gå inn som fag II. I dette ligg det at deler av fag I også kan vere fag II i ein annan samanheng.

Ein student kan då velje norsk som fag I og samfunnsfag som fag II, eller omvendt. Ein annan kan velje engelsk som fag I og norsk som fag II. I første omgang vil ein sånn modell innebere at vi på Stord til dømes kan tilby ein student å ta samfunnsfag II og engelsk II, men må til Bergen for utvide eitt av faga til nivå I.

Ansvaret for å utvikle og tilby eit slikt program kan, slik fordelinga av kompetanse er på dei tre campusane i dag, delast mellom fagmiljøa, sjølv om det naturleg blir Bergen som kan tilby flest kombinasjonar.

Dette opnar for fleire interessante, undervisningsutfordringar gjennom IKT-baserte undervisningsformer som bind saman studentar frå fleire campusar. Eit mogleg alternativ kan også vere at delar av undervisninga på syklus 2 er samlingsbasert, noko som vil gjere den tilgjengeleg for studentar på tvers av campusane, samt gjere det mogleg å trekke vekslar på fagkompetansen ved dei ulike campusane.

Dersom ressurstilgang og studenttilgang er tilfredsstillande, kan eit slikt program aukast opp ved at fleire fag vert tilgjengelege som I (og II).

Eit lektorprogram i idrett/kroppsøving kombinert med eitt av undervisningsfaga i prio 1

Som andreprioritet peikar dei sterke fagmiljøa i idrett og kroppsøving, kombinert med gode søkjartal, på eit lektorprogram der idrett og kroppsøving er fag I, og deretter kombinert med eit anna undervisningsfag frå porteføljen over som fag II. (Det omvendte kan også tenkjast, med då må det vurderast om det kan rommast innanfor studieplanen for språk/samfunnsfag).

Ansvaret for å utvikle ein slik studieplan må kvile på fagmiljøa i Sogndal og Bergen. Truleg kan deler av dette programmet takast på Rommetveit på Stord, men for å ta fag I må studenten gjere det i Sogndal eller Bergen.

Eit lektorprogram i musikk, kombinert med eitt av undervisningsfaga i prio 1

Med same prioritet, og med same grunngeving som gjeld for idrett og kroppsøving, burde det vere grunnlag for å utvikle eit lektorprogram i musikk, der eitt anna undervisningsfag inngår som fag II frå porteføljen for språk/samfunnsfag. På sikt bør det vurderast å utvikle studieplanen slik at naturvitskaplege fag, teknolog eller matematikk kan inngå som fag II.

Dei sterke fagmiljøa er her Stord og Bergen. Truleg kan deler av dette programmet takast i Sogndal, men for å ta fag I må studenten gjere det på Stord eller i Bergen. Så kan ein innvende at det ikkje er krav om mastergrad for denne typen lærar, så kvifor tilby det? Svaret kan vere at ein bør vere føre var, at det kan vere eit poeng å gjere slike studium attraktive for ikkje å senke den relative verdien av denne typen lærarutdanningar. I tillegg er det gode søkjartal til slike utdanningar.

Eit lektorprogram i naturvitskaplege fag/naturfag/matematikk

Som tredjeprioritet peikar vi på eit lektortilbod i naturvitskaplege fag/naturfag/matematikk. Grunnen til at dette kjem så lågt er først og fremst klar tilbakemelding frå dei tre fylkeskommunane. Behovet blir no dekkja fordi tilsette i oljesektoren søker slike stillingar. Behovet kan endre seg, og det er grunn til å peike på at det vil gå seks år frå behovet for ei slik utdanning vert sett på dagsorden i ein organisasjon som HVL, til dei første studentane går ut.

Eit slikt program er interessant fagleg mellom anna fordi alle tre, tidlegare høgskulane har interessant kompetanse som kan inngå. HVL bør truleg likevel vente litt med ein slik studieplan. Mellom anna fordi med unntak av matematikk, er mykje av kompetansen i

naturvitskaplege fag knytt til andre fagavdelingar enn lærarutdanningane. Sjølv om mange har tradisjonar for å undervise i lærarutdanningane, vil dei krava som blir stilt til fag I medføre sterk medverknad i dei didaktiske prosessane lektorutdanningar vil krevje i lys av forskrifter og HVLS ambisjonar om å gjere dette til reelle lærarutdanningar.

Difor må ei slik avgjerd i det minste vente til ein har på plass ein avdelingsstruktur og faglege leiarar som kan ta del i beslutningane.

Vedlegg

Tal søkarar til lektorutdanningar

Lære- sted	Studieko- de	Studiumnavn	2014 Z	2014 Z	2015 Z	2015 Z	2016 Z	2016 Z
HBV	222 684	Lektorutdanning i historie	25	22	30	17		
HBV	222 687	Lektorutdanning i norsk	1	0	4	8		
HIHM	209 685	Lektorutdanning i engelsk, Hamar	26	18				
HIHM	209 687	Lektorutdanning i norsk, Hamar	9	5				
HIHM	209 935	Lektorutdanning i språkfag			20	20	21	13
HSN- BV	222 684	Lektorutdanning i historie					27	16
HSN- BV	222 687	Lektorutdanning i norsk					6	2
HSN- BV	222 843	Lektorutdanning i realfag					2	0
MF	190 934	Lektorprogram i RLE/rel. og etikk og samf.	25	19	20	29	30	26
NMB U	192 843	Lektorutdanning i realfag	27	22	26	19	35	24
NTNU	194 934	Lektorutdanning i geografi	34	17	33	19	21	15
NTNU	194 684	Lektorutdanning i historie	118	25	123	26	110	23
NTNU	194 597	Lektorutdanning i kroppsøving og idrettsfag			170	18	129	25
NTNU	194 843	Lektorutdanning i realfag	108	65	95	59	117	65
NTNU	194 945	Lektorutdanning i samfunnsfag	122	30	88	30	128	31
NTNU	194 685	Lektorutdanning språkfag/engelsk	105	50	91	45	93	44
NTNU	194 686	Lektorutdanning språkfag/fransk	2	4	4	5	9	3
NTNU	194 687	Lektorutdanning språkfag/nordisk	42	36	51	42	34	42
NTNU	194 689	Lektorutdanning språkfag/tysk	6	5	8	5	12	7
UIA	201 945	Lektorutd. med samf. kunnsk. i første studieår	33	11	25	15	18	11
UIA	201 685	Lektorutdanning med engelsk i første studieår	34	16	26	16	29	17
UIA	201 935	Lektorutdanning med fremmedspr. i første studieår	6	8	6	11	7	8
UIA	201 684	Lektorutdanning med historie i første studieår	42	7	35	6	34	8
UIA	201 697	Lektorutdanning med matematikk i første studieår	26	17	14	12	27	12
UIA	201 687	Lektorutdanning med norsk i første studieår	15	14	15	13	23	15
UIA	201 934	Lektorutdanning med religion i første studieår	15	7	15	9	14	8
UIA	201 843	Lektorutdanning, fysikk første studieår	2	0				
UIB	184 844	Lektorutdanning i engelsk, fransk eller tysk	76	35	87	32	70	45
UIB	184 843	Lektorutdanning i naturvitenskap eller matematikk	54	34	69	43	77	44
UIB	184 817	Lektorutdanning i nordisk	33	24	50	31	42	38
UIN	204 945	Lektorutdanning i samfunnsfag	15	12	25	20		
UIO	185 685	Lektorprogrammet, engelsk					107	50
UIO	185 935	Lektorprogrammet, fremmedspråk	122	77	93	64	53	38
UIO	185 844	Lektorprogrammet, kultur og samfunnsfag	292	105	271	107	251	101
UIO	185 817	Lektorprogrammet, nordisk	98	88	83	79	92	73
UIO	185 843	Lektorprogrammet, realfag	79	56	83	70	124	78
UIS	217 844	Lektor 8.-13. trinn, master humanistiskefag	83	56	116	62	117	73
UIS	217 843	Lektor 8.-13. trinn, master i realfag			26	19	40	22
UIT	186 843	Lektorutdanning trinn 8-13, realfag	14	9	19	13	18	15
UIT	186 844	Lektorutdanning, trinn 8-13, språk og samfunnsfag	74	49	96	70	105	51

Tabell henta frå: <https://utdanning.no/studiebeskrivelse/lektorutdanning>

Poenggrenser og kravkoder (gjeld opptaket 2016).

TITTEL	STUDIENIVÅ	LÆRESTED	KRAVKODE	FØRSTE-GANG	ORDINÆR
Lektorutdanning trinn 8-13, 5-årig masterutdanning	Master, 5 år	Universitetet i Agder	<u>LÆRMA4</u>	46.8	50.4
			<u>LÆRMA4</u>	48.8	53.1
			<u>LÆRMA4</u>	48.2	48.6
			<u>LÆRMA4</u>	47.7	49.4
			<u>LÆRMA4</u>	Alle	Alle
			<u>LÆREAL</u>	Alle	Alle
			<u>LÆRMA4</u>	47.1	47.6
Historiedidaktikk - masterstudium	Master, 2 år	Universitetet i Stavanger		Lokalt opptak	Lokalt opptak
Historiedidaktikk - masterstudium - deltid	Master, 2 år	Universitetet i Stavanger		Lokalt opptak	Lokalt opptak
Lektorutdanning for trinn 8-13	Master, 5 år	Universitetet i Stavanger	<u>LÆRMA4</u> <u>LÆREAL</u>	42.7 44.3	43.7 47.9
Lektorprogram i naturvitenskap og matematikk	Master, 5 år	Universitetet i Bergen	<u>LÆREAL</u>	48.6	49.5
Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk eller tysk)	Master, 5 år	Universitetet i Bergen	<u>LÆRMA4</u>	46.3	46.5
Lektorutdanning med master i nordisk	Master, 5 år	Universitetet i Bergen	<u>LÆRMA4</u>	Alle	Alle
Lektorprogrammet (master - 5 år)	Master, 5 år	Universitetet i Oslo	<u>LÆRMA4</u>	40.0	40.0
			<u>LÆRMA4</u>	47.6	51.3
			<u>LÆREAL</u>	43.4	44.0
			<u>LÆRMA4</u>	43.8	48.7
			<u>LÆRMA4</u>		
Lektorutdanning for trinn 8-13 - master (5-årig)	Master, 5 år	UiT Norges arktiske universitet	<u>LÆREAL</u> <u>LÆRMA4</u>	Alle Alle	Alle Alle
Lektorutdanning i historie	Master, 5 år	Høgskolen i Sørøst-Norge	<u>LÆRMA4</u>	Alle	Alle
Lektorutdanning i KRLE/Religion og etikk og samfunnsfag	Master, 5 år	Det teologiske Menighetsfakultet	<u>LÆRMA4</u>	Alle	Alle
Lektorutdanning i realfag - LUR	Master, 5 år	NMBU	<u>LÆREAL</u>	44.3	46.4
Lektorutdanning i språkfag	Bachelor, 3 år	Høgskolen i Hedmark	<u>LÆRMA4</u>	Alle	Alle
Lektorutdanning i historie – masterstudium (5-årig)	Master, 5 år	NTNU	<u>LÆRMA4</u>	49.1	52.9
Lektorutdanning i geografi – masterstudium (5-årig)	Master, 5 år	NTNU	<u>LÆRMA4</u>	48.3	50.6
Lektorutdanning i kroppsøving og idrettsfag- masterstudium (5-årig)	Master, 5 år	NTNU	<u>LÆRMA4</u>	48.3	52.2
Lektorutdanning i realfag – masterstudium (5-årig)	Master, 5 år	NTNU	<u>LÆREAL</u>	51.1	51.2
Lektorutdanning i samfunnsfag – masterstudium (5-årig)	Master, 5 år	NTNU	<u>LÆRMA4</u>	49.3	52.8
Lektorutdanning i språkfag – masterstudium (5-årig)	Master, 5 år	NTNU	<u>LÆRMA4</u> <u>LÆRMA4</u> <u>LÆRMA4</u>	45.7 Alle 47.8	43.2 Alle 51.1
			<u>LÆRMA4</u>	Alle	Alle

Tal henta frå DBH

Fullførte vitnemåls- gjevande utdanningar (DBH)		Studieprogram	2011		2012		2013		2014		2015		2016		2016
Studie- kode	Lærest ad		Opptatt	Fullført	Opptatt	Fullført	Opptatt	Fullført	Opptatt	Fullført	Opptatt	Fullført	Opptatt	Fullført	Fullført %
	UiB	Integrert lektorutdanning med master i nordisk	19	6	26	9	36	6							
184 817	UiB	Lektorutdanning med master i nordisk							25	3	31	1	40	9	47,4
	UiB	Integrert lektorutdanning med master i naturvitenskap eller matematikk	29	2	23	3	33	1		1					
184 843	UiB	Lektorprogram i naturvitenskap og matematikk							36	2	44	3	44	1	3,4
	UiB	Integrert lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk eller tysk)	32	5	48	3	29	9							
184 844	UiB	Lektorutdanning med master i fremmedspråk (engelsk, fransk eller tysk)							36	5	33	1	45	10	31,3
	UiO	Lektorprogrammet	26 2		27 8		29 3		32 8	33	32 2	60	34 4	75	28,6
185 685	UiO	Lektorprogrammet, engelsk													
185 817	UiO	Lektorprogrammet, nordisk													
185 843	UiO	Lektorprogrammet, realfag													
185 844	UiO	Lektorprogrammet, kultur og samfunnsfag													
185 935	UiO	Lektorprogrammet, fremmedspråk													
	UiT	Lektorutdanning trinn 8-13							62		82		66		
186 843	UiT	Lektorutdanning trinn 8-13, realfag	13	0	17	0	9	2		3	2	5	1	4	30,8
186 844	UiT	Lektorutdanning, trinn 8-13, språk og samfunnsfag	63	8	74	18	48	11	3	11		20		24	38,1
190 934	MF	Lektorprogram i RLE/rel. og etikk og samf.											25	8	
	UMB	Lektorutdanning i realfag	22	10	27	8	27	11							
192 843	NMBU	Lektorutdanning i realfag							23	9	22	4	31	10	45,5
194 597	NTNU	Lektorutdanning i kroppsøving og idrettsfag									18		26		
194 684	NTNU	Lektorutdanning i historie	29		26		28	2	26	12	27	24	26	17	58,6
	NTNU	Lektorutdanning språkfag					87	40	98	42	99	30	97	54	
194 685	NTNU	Lektorutdanning språkfag/engelsk													
194 686	NTNU	Lektorutdanning språkfag/fransk													
194 687	NTNU	Lektorutdanning språkfag/nordisk													
194 689	NTNU	Lektorutdanning språkfag/tysk													
194 843	NTNU	Lektorutdanning i realfag	60	16	67	20	76	16	66	29	58	32	65	23	38,3
194 934	NTNU	Lektorutdanning i geografi	17	6	16	7	17	6	17	9	20	19	16	8	47,1
194 945	NTNU	Lektorutdanning i samfunnsfag	34	0	31	1	26	20	32	20	32	21	33	10	29,4
	UiA	Lektorutdanning for trinn 8-13, 5-årig masterutdanning							77		77		79		

Prosjekt lærarutdanning, delprosjekt lektorutdanning 8-13

	UiA	Lektorutdanning i realfag, integrert 5-årig masterprogram	13		21		17		6		2		6	46,2
201 684	UiA	Lektorutdanning med historie i første studieår												
201 685	UiA	Lektorutdanning med engelsk i første studieår												
201 687	UiA	Lektorutdanning med norsk i første studieår												
201 697	UiA	Lektorutdanning med matematikk i første studieår												
201 934	UiA	Lektorutdanning med religion i første studieår												
201 935	UiA	Lektorutdanning med fremmedspr. i første studieår												
201 945	UiA	Lektorutd. med samf. kunnsk. i første studieår												
	HiHm	Lektorutdanning i engelsk					13		18					
	HiHm	Lektorutdanning i norsk					7		6					
209 935	HiHm	Lektorutdanning i språkfag								20		13		
217 843	UiS	Lektor 8.-13. trinn, master i realfag												
217 844	UiS	Lektor 8.-13. trinn, master i humanistiske fag	54		48		53		57		81	14	95	1
222 684	HSN, BV	Lektorutdanning i historie							21		17		15	
222 687	HSN, BV	Lektorutdanning i norsk									9		2	
222 843	HSN, BV	Lektorutdanning i realfag												

Oversikt over Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) 2016. (Henta frå Utdanning.no).

TITTEL	Studienivå	Lærested
Praktisk-pedagogisk utdanning 8-13	Årsstudium	HiB
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)	Årsstudium	HiSF
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) - samlingsbasert deltid	Årsstudium	HiSF
Praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfaglærere	Årsstudium	HVL
Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag for trinn 8-13	Årsstudium	HVL
Praktisk-Pedagogisk Utdanning	Årsstudium	UiB
Praktisk-pedagogisk utdanning - allmennfag	Årsstudium	HiVolda
Praktisk-pedagogisk utdanning - allmennfag	Årsstudium	HiVolda
Praktisk-pedagogisk utdanning - yrkesfag	Årsstudium	HiVolda
Instrumental- og vokallærerutdanningen - PPU	Årsstudium	Barratt Due
Musikkbarnehage - videreutdanning	Lavere nivå	Barratt Due
Praktisk pedagogisk utdanning - deltid	Årsstudium	HiHm
Praktisk pedagogisk utdanning - heltid	Årsstudium	HiHm
Praktisk-pedagogisk utdanning i drama og teaterkommunikasjon	Årsstudium	HiOA
Praktisk-pedagogisk utdanning i formgivning, kunst og håndverk	Årsstudium	HiOA
Praktisk-pedagogisk utdanning, yrkesdidaktikk, heltid	Årsstudium	HiOA
Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag for trinn 8-13, deltid	Årsstudium	HiØ
Praktisk-pedagogisk utdanning, deltid	Årsstudium	HiØ
Praktisk-pedagogisk utdanning, heltid	Årsstudium	HiØ
Praktisk pedagogisk utdanning	Høyere nivå	HSN
Praktisk pedagogisk utdanning, deltid	Høyere nivå	HSN
Praktisk-pedagogisk utdanning	Årsstudium	HSN
Praktisk-pedagogisk utdanning	Årsstudium	HSN
Praktisk pedagogisk utdanning	Årsstudium	KHiB
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i dans	Årsstudium	KHiO
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) i teater	Årsstudium	KHiO
Praktisk pedagogisk utdanning	Årsstudium	MF
Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)	Årsstudium	NIH
Praktisk-pedagogisk utdanning - deltid	Årsstudium	NMBU
Praktisk-pedagogisk utdanning - heltid	Årsstudium	NMBU
Praktisk-pedagogisk utdanning	Årsstudium	NMH
Praktisk-pedagogisk utdanning, deltid	Årsstudium	NMH
Praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfaglærere, nettbasert	Årsstudium	Nord
Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag trinn 8-13, årsstudium, deltid	Årsstudium	Nord
Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfaglærere, nettbasert	Årsstudium	Nord
Fleksibel PPU for yrkesfag	Årsstudium	NTNU
Praktisk-pedagogisk utdanning - heltid	Årsstudium	NTNU
Praktisk-pedagogisk utdanning for faglærere i allmenne fag	Årsstudium	UiA
Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag for trinn 8-13	Årsstudium	UiA
Praktisk-pedagogisk utdanning (årsenhet)	Årsstudium	UiO
Praktisk-pedagogisk utdanning på deltid	Årsstudium	UiO
Praktisk-pedagogisk utdanning: Teach First Norway (årsenhet)	Årsstudium	UiO
Praktisk pedagogisk utdanning - deltid	Årsstudium	UiS
Praktisk pedagogisk utdanning - heltid	Årsstudium	UiS
Praktisk pedagogisk utdanning i musikk og dans	Årsstudium	UiS
Praktisk pedagogisk utdanning for yrkesfaglærere (Alta, deltid)	Årsstudium	UiT
Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfaglærere (Tromsø, deltid)	Årsstudium	UiT